



**DEN NORSKE KIRKE**

Møre bispedømeråd

# Møre bispedømeråd 2016-2019

Møtedato: 08.02.2019

# Saksliste

## Godkjenning av innkalling og saksliste

1/19 Møteinnkalling 08.02.2019

3

## Godkjenning av protokoll

2/19 Møteprotokoll 14.12.2018

6

## Tilsettingssaker

3/19 Tilsetting av sokneprest i Søre Sunnmøre prosti med Hareid sokn som særleg tenestestad.

28

## Saker til behandling

4/19 Aktuelle orienteringar- samtale

55

5/19 Høyring om bispedømegrenseregulering Hornindal sokn til Møre bispedøme

60

6/19 Regulering av bispedømegrense mellom Nidaros og Møre bispedøme. Overføring av Halså sokn til Heim kyrkjelege fellestråd

81

7/19 Satsing på kyrkja sitt diakonale samfunnsansvar - fordeling av diakonimidlar

86

## Orienteringssaker

8/19 Orienteringssaker 08.02.2019

93

## Referatsaker

9/19 Referatsaker 08.02.2019

104



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

## MØTEINNKALLING

### Møre bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 08.02.2019 kl. 10:00  
**Stad:** Møre bispedømeråd 08.02.2019  
**Arkivsak:** 17/00414  
**Arkivkode:** 421

Meld mogleg forfall snarast til [ah274@kirken.no](mailto:ah274@kirken.no) eller tlf 71 25 06 70

Forfall:

Samling i kapellet etter lunsj **v/Rikke Kopperstad**

## SAKSLISTE

### Godkjenning av innkalling og saksliste

[1/19](#) Møteinnkalling 08.02.2019

### Godkjenning av protokoll

[2/19](#) Møteprotokoll 14.12.2018

### Tilsettingssaker

[3/19](#) Tilsetting av sokneprest i Søre Sunnmøre prosti med Hareid sokn som særleg tenestestad.  
- *Unntatt offentlegheit*  
**Saksordførar: Olav Rønneberg**

### Saker til behandling

[4/19](#) Aktuelle orienteringar - samtale  
**Saksordførar: Ann-Kristin Sørvik**

[5/19](#) Høyring om bispedømegrenseregulering Hornindal sokn til Møre bispedøme  
**Saksordførar: Per Eilert Orten**

[6/19](#) Regulering av bispedømegrense mellom Nidaros og Møre bispedøme.  
Overføring av Halså sokn til Heim kyrkjelege fellesråd  
**Saksordførar: Per Eilert Orten**

[7/19](#) Satsing på kyrkja sitt diakonale samfunnsansvar - fordeling av diakonimidlar  
**Saksordførar: Frode Rabbevåg**

## Orienteringssaker

[8/19](#) Orienteringssaker 08.02.2019

## Referatsaker

[9/19](#) Referatsaker 08.02.2019

Skriv inn sted. 31.01.2019



# DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd

## MØTEPROTOKOLL

### Møre bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 14.12.2018 kl. 10:00  
**Sted:** Møre bispedømekontor  
**Arkivsak:** 17/00414

**Tilstede:** Frode Rabbevåg, Ann-Kristin Sørvik, Olav Rønneberg, Maren Elgsaas Jenssen, Ole Martin Grevstad, Per Eilert Orten, Olav Myklebust

**Møtende varamedlemmer:** Margrete Mørk

**Forfall:** Rikke Kopperstad, Therese Utgård

**Andre:**

## SAKSLISTE

**Side**

### Godkjenning av innkalling og saksliste

[64/18](#) Innkalling Møre bispedømeråd 14.12.2018 2

### Godkjenning av protokoll

[65/18](#) Møteprotokoll 02.11.2018 2

### Tilsettingssaker

### Saker til behandling

[66/18](#) Høyring – kyrkjeordning 3

[67/18](#) Høring om personalreglement for Den norske kirke. Møre bispedømmeråd sin uttale. 9

[68/18](#) Høyringsuttale - reglar for val av kyrkjerådet 11

[69/18](#) Visjonsdokument 2019 – 2021 13

[70/18](#) Strategiplan 2019 -2021 14

[71/18](#) Utkast til årsplan og budsjett 2019 20

<a href="#">72/18</a>	Rekneskap 31.10.2018	21
<a href="#">73/18</a>	Miljøsertifisering og oppfølging av ENØK-prosjektet	21
<b>Orienteringssaker</b>		
<a href="#">74/18</a>	Orienteringssaker 14.12.2018	22
<b>Referatsaker</b>		
<a href="#">75/18</a>	Referatsaker 14.12.2018	22

14.12.2018

### Godkjenning av innkalling og sakliste

---

## 64/18 Innkalling Møre bispedømmeråd 14.12.2018

### Møtebehandling

#### Votering

Samrøystes

#### Vedtak

Godkjent  
[Lagre]

### Godkjenning av protokoll

---

## 65/18 Møteprotokoll 02.11.2018

### Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd overfører Eide sokn frå Ytre Nordmøre prosti til domprostiet med verknad frå 01.01.2019

## Møtebehandling

### Votering

Samrøystes

### Vedtak

Godkjent

[Lagre]

## Tilsettingssaker

## Saker til behandling

---

## 66/18 Høring - kyrkjeordning

### Forslag til vedtak

#### Innleiing

Møre bispedømeråd er samd i metoden ein har valt å nytte i arbeidet med kyrkjeordning, og meiner det er tenleg at ny ordning for Den norske kyrkja vert innleia med eit overordna kapittel om grunnlaget for kyrkja, medan resten av kyrkjeordninga førebels freistar å vidareføre hovuddraga i dagens kyrkjeordning. Møre bispedømeråd ynskjer likevel å spele inn nokre moment til den vidare sakshandsaminga, og vel då å ha størst fokus på det fyrste kapitelet i regelutkastet til ny kyrkjeordning.

#### Grunnlaget for Den norske kyrkja

Møre bispedømeråd finn det svært positiv at ein søker å vidareføre føresegnene om læregrunnlaget for kyrkja slik dette har vert formulert hos oss (minst) sidan 1687.

Rådet merkar seg at ein i utkastet til ny § 1 i bokmålsversjonen nyttar «trosbekjennelse» om dei tre oldkyrkjelege symbola, men berre «vedkjenning» på nynorsk. Rådet vonar at dette er ein redaksjonell glipp som vil bli harmonisert i dei endelege utgåvene av dokumenta.

#### *Til § 3:*

Møre bispedømeråd er glade for at § 3 så tydeleg koblar saman dåp og teneste, og at denne paragrafen kjem tidleg i regelverket. Rådet vil imidlertid peike på at det kunne vert naturleg å introdusere omgrepet «frelse» i første setning i paragrafen, sidan dette er det heilt grunnleggande både for kristendomen og for den einskilde kristne. Det kan t.d. vere tenleg å hente inn fleire formuleringar frå dåpsliturgien på denne staden, slik at ny første setning i § 3 blir: «I dåpen til den treeinige Guds namn blir **den einskilde** sameint med Kristus og får **Den heilaga Ande, slik at det syndige mennesket blir frelst frå dødens makt, får lovnad om det evige livet og blir** innlemma i den kristne kyrkja.»

Det er også naturleg å presisere tydelegare samanheng mellom dåpen som er skildra i første setning, og kravet om dåp for medlemskap i neste setning, t.d. ved å utvide andre setning til: «**Slik dåp** er ein føresetnad for å vere medlem i Den norske kyrkja.»

*Til § 4:*

Skildringa av korleis kyrkja forstår oppdraget sitt i § 4 er både sentral og viktig. Møre bispedømeråd har ingen innvendingar mot det ein oppfattar er intensjonane i formuleringane som utkastet nyttar i denne paragrafen, men vil likevel peike på stader der ein med føremon kan arbeide meir med teksten:

... Attåt evangelieforkynning og sakramentsforvaltning blir det sagt at kyrkja skal «utøve nestekjærleik». Sannsynlegvis ynskjer utkastet her å framheve diakonalt arbeid i utvida forstand som heilt grunnleggande for kyrkja. Å «utøve nestekjærleik» er imidlertid ikkje ein god formulering. Kjærleik er eit abstrakt omgrep som det er vanskeleg å knytte eit så konkret og handlande verb som «utøve» til. Kanskje «**syne og utøve omsorg**» er betre? Evt. «**fremme nestekjærleik**»?

... Vidare kan det opplevast som noko reduserande at gudstenesta berre blir omtala som ei samling der kyrkjelyden blir utrusta og sendt. Gudstenesta har ein verdi i seg sjølv som eit møte med den heilage Gud, ein stad der ein kan kvile i nåden t.d. gjennom tilbeding, bøn og lovsong, og ikkje berre som eit instrument for påfyll og utrustning. Intensjonen om å synleggjere at det er kyrkjelyden som utfører kyrkja sitt kall og oppdrag i verda er fortenestefull, men Møre bispedømeråd gjer likevel framlegg om at siste del av denne paragrafen blir slik: «I gudstenesta samlar kyrkjelyden seg **til tilbeding i eit møte med den heilage Gud**. Der blir **den einskilde** utrusta og sendt ut slik at kyrkja **gjennom dei døypte** kan verkeleggjere kallet til å vere ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.»

*Til § 5:*

Møre bispedømeråd er skeptiske til å innføre omgrepet «frivillige» som ei eiga gruppe i kyrkja sitt tenestefellesskap, slik det er gjort framlegg om i § 5. Intensjonen om å løfte fram alle som gjer ein uløna innsats i kyrkja sitt arbeid er god, men med eit slikt omgrep i denne overordna delen av kyrkjeordninga står ein i fare for å skape eit inntrykk av at det eksisterer ei inndeling av «A- og B-medlemmer» blant dei døypte – altså eit skille mellom «dei aktive» og «dei andre». Rådet gjer framlegg om slik alternativ tekst: «Oppdraget til Den norske kyrkja blir **tatt hand om av alle døypte** i eit tenestefellesskap. **Nokre av desse er** tilsette og vigsla.»

I same paragraf kunne det også vere tenleg om ein uttrykker noko om kva Den norske kyrkja legg i det å vigsla nokon til teneste.

*Til § 6:*

Møre bispedømeråd sluttar seg til intensjonane i § 6, men har prinsipielle innvendingar mot ordval i tredje ledd. Rådet forstår at ein med ordparet «styring og leiing» ynskjer å uttrykke utøving av mynde ein har fått, anten gjennom val til ombod i råd eller møte, eller gjennom oppnemning til same som del av embetet. Samstundes er «styring og leiing» sentrale omgrep innan arbeidslivet, og då kan det vere forvirrande med ein paragraf som skaper forventning om at arbeidsleiing og styring av tilsette skal skje gjennom demokratiske prosessar. Arbeidslivet føreset medbestemming og truskap mot lov og avtaleverk, men er ikkje demokrati i eigentleg forstand. Her bør det derfor finnast andre formuleringar og rådet tilrår: «**Organiseringa av Den norske kyrkja sine organ** byggjer på demokratiske prinsipp. **Arbeidet i slike organ** skjer på alle nivå i eit samvirke mellom representantar for og **valde** blant kyrkja sine medlemmer, og representantar **frå** tenesta med Ord og sakrament.»

Møre bispedømeråd er nøgde med at innhaldet i § 28 i gjeldande kyrkjelov er søkt vidareført i fjerde ledd i framlegget til § 6, og er glade for at dette kjem inn i kapitlet om grunnlaget for Den norske kyrkja.

**Anna**

Møre bispedømmeråd vil i tillegg peike på fylgjande:

*Til § 11:*



Møre bispedømmeråd ser dei gode tankane som er reflektert inn i høyringsdokumentet om vilkår for medlemskap i § 11, fyrste ledd, og vil støtte prinsippet om ei ordning som gjev alle personar med lovelg opphald i Noreg høve til å bli rekna som medlemmar av Den norske kyrkja – sjølv om dei ikkje har norsk personnummer.

I § 11, andre ledd, handlar om at ein reknar barn som høyrande til kyrkja når ein eller båe foreldra er medlem. Ordninga med «tilhørande» er ei sak som fekk mykje merksemd i høyringa om ny lov om trus- og lissynssamfunn. Møre bispedømmeråd er samd i at det vil vere avgjerande å framleis ha eit ordna tilhøve til born av medlemmer, der barnet ikkje sjølv er døypt. Om tilhørighetsinstituttet forsvinn ut av lovverket vil imidlertid ei slik formulering i Den norske kyrkja sitt eige regelverk ikkje føre til juridiske rettar korkje for kyrkja eller barnet, men berre være noko Den norske kyrkja pålegg seg sjølv. For å signalisere denne endringa i innhald vil det vere ei føremon om det kan finnast eit anna omgrep enn «tilhørslse/tilhørighet» for å skildre tilhøvet mellom kyrkja og udøypte born av medlemmar. Kanskje omgrep som **tilknytt** eller **inkludert** kan nyttast i staden?

Merknadane i høyringsdokumentet til dette punktet er gode, men Møre bispedømmeråd meiner at det kan stillast spørsmål til om kyrkja vil ha høve til å registrere «tilhørande» i framtida. For å halde kontroll med dei som vert rekna som høyrande til kyrkja må det t.d. vedlikehaldas eit register over desse, og dette kan bli problematisk med omsyn til strengare personvernlovgeving. Det blir derfor tilrådd at denne tematikken blir utreia grundig juridisk før saka blir fremma for Kyrkjemøtet for evt. vedtak.

*Til § 23:*

I § 23, andre ledd vil det vere ein føremon om det blir uttrykt tydeleg om kravet om medlemskap i kyrkja for kyrkjelege ombod i § 47, også omfattar den kommunale representanten i kyrkjeleg fellestråd. 6, 4 ledd

*Til § 36:*

Når det gjeld § 36 meiner Møre bispedømmeråd at utkastet med føremon kan lausrive seg noko frå prinsippet om at den nye regelverket i prinsippet berre skal vidareføre gjeldande kyrkjeordning utan å gjere materielle endringar. Då Stat og kyrkje skilde lag vart kyrkjemøtet de facto det øvste organet i Den norske kyrkja. Dette bør gå fram av paragrafane som handlar om dette organet, t.d. ved å legge inn nokre overordna formuleringar om ansvar for strategiar, retningsval og visjonar, samt noko om økonomisk ansvar.

I kapittel 2 til 6 er det fleire stader tatt inn formuleringar om at Kyrkjemøtet kan/skal gje meir detaljerte regler eller bestemmingar om det paragrafen handlar om (t.d. §§ 11, 15, 18, 24, 33 osv.). Dette er neppe naudsynt, og må vere ein rest frå den gongen Staten i lovs form fastsette kyrkjeordninga. I det minste bør dette kunne samlast i ein felles formulering, t.d. som ny bokstav e i § 36, andre ledd.

*Til §§ 39 og 47:*

Møre bispedømmeråd merkar seg at § 39 pålegg Bispemøtet å «vareta kyrkja si lære og teologi». For å vere konsistent med resten av regelverket ville det her vere betre å nytte «vareta at kyrkja **sin teologi er i samsvar med læregrunnlaget.**» Sett opp mot denne bestemminga blir også § 47, andre ledd, komplisert. Her omtaler ein «kyrkjelege stillingar som inneheld eit ansvar for kyrkja si lære», og sjølv om ein forstår intensjonen i formuleringa, blir dette for knapt og upresist, og kan tolkast til å berre handle om biskopane. Møre bispedømmeråd tilrår at formuleringa på denne staden blir utvida til «kyrkjelege stillingar som inneheld eit **sjølvstendig** ansvar for **formidling av kyrkja si lære**».

## **Møtebehandling**

Rådet gjekk paragrafvis gjennom framlegg til vedtak og gjorde nokre få endringar i tekst. Bispedømmerådet blei orientert om Møre biskop sin høyringsuttale i saka.

## **Votering**

Samrøystes

## Vedtak

### Innleiing

Møre bispedømeråd sluttar seg til framlegg til høyringsuttale til § 39 frå Møre biskop.

Møre bispedømeråd er samd i metoden ein har valt å nytte i arbeidet med kyrkjeordning, og meiner det er tenleg at ny ordning for Den norske kyrkja vert innleia med eit overordna kapittel om grunnlaget for kyrkja, medan resten av kyrkjeordninga førebels freistar å vidareføre hovuddraga i dagens kyrkjeordning. Møre bispedømeråd ynskjer likevel å spele inn nokre moment til den vidare sakshandsaminga, og vel då å ha størst fokus på det fyrste kapitelet i regelutkastet til ny kyrkjeordning.

### Grunnlaget for Den norske kyrkja

Møre bispedømeråd finn det svært positivt at ein søker å vidareføre føresegnene om læregrunnlaget for kyrkja slik dette har vert formulert hos oss (minst) sidan 1687. Rådet merkar seg at ein i utkastet til ny § 1 i bokmålsversjonen nyttar «trosbekjennelse» om dei tre oldkyrkjelege symbola, men berre «vedkjening» på nynorsk. Rådet vonar at dette er ein redaksjonell glipp som vil bli harmonisert i dei endelege utgåvene av dokumenta.

#### Til § 3:

Møre bispedømeråd og Møre biskop er glade for at § 3 så tydeleg koblar saman dåp og teneste, og at denne paragrafen kjem tidleg i regelverket. Rådet vil imidlertid peike på at det kunne vert naturleg å introdusere omgrepet «frelse» i første setning i paragrafen, sidan dette er det heilt grunnleggande både for kristendomen og for den einskilde kristne. Det kan t.d. vere tenleg å hente inn fleire formuleringar frå dåpsliturgien på denne staden, slik at ny første setning i § 3 blir: «I dåpen til den treeinige Guds namn blir **den einskilde** sameint med Kristus og **får Den heilaga Ande, slik at mennesket blir frelst frå dødens makt, får lovnad om det evige livet og blir** innlemma i den kristne kyrkja.»

Det er også naturleg å presisere tydelegare samanheng mellom dåpen som er skildra i første setning, og kravet om dåp for medlemskap i neste setning, t.d. ved å utvide andre setning til: «**Slik dåp** er ein føresetnad for å vere medlem i Den norske kyrkja.»

#### Til § 4:

Skildringa av korleis kyrkja forstår oppdraget sitt i § 4 er både sentral og viktig. Møre bispedømeråd har ingen innvendingar mot det ein oppfattar er intensjonane i formuleringane som utkastet nyttar i denne paragrafen, men vil likevel peike på stader der ein med føremon kan arbeide meir med teksten:

Attåt evangelieforkynning og sakramentsforvaltning blir det sagt at kyrkja skal «utøve nestekjærleik». Sannsynlegvis ynskjer utkastet her å framheve diakonalt arbeid i utvida forstand som heilt grunnleggande for kyrkja. Å «utøve nestekjærleik» er imidlertid ikkje ein god formulering. Kjærleik er eit abstrakt omgrep som det er vanskeleg å knytte eit så konkret og handlande verb som «utøve» til. Kanskje «**syne og utøve omsorg**» er betre? Evt. «**fremme nestekjærleik**»?

Vidare kan det opplevast som noko reduserande at gudstenesta berre blir omtala som ei samling der kyrkjelyden blir utrusta og sendt. Gudstenesta har ein verdi i seg sjølv som eit møte med den heilage Gud, ein stad der ein kan kvile i nåden t.d. gjennom tilbeding, bøn og lovsong, og ikkje berre som eit instrument for påfyll og utrustning. Intensjonen om å synleggjere at det er kyrkjelyden som utfører kyrkja sitt kall og oppdrag i verda er fortenestefull, men Møre bispedømeråd gjer likevel framlegg om at siste del av denne paragrafen blir slik: «I gudstenesta samlar kyrkjelyden seg **til tilbeding i eit møte med den heilage Gud**. Der blir **den einskilde** utrusta og sendt ut slik at kyrkja **gjennom dei døypte** kan verkeleggjere kallet til å vere ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.»

#### Til § 5:

Møre bispedømmeråd er skeptiske til å innføre omgrepet «frivillige» som ei eiga gruppe i kyrkja sitt tenestefellesskap, slik det er gjort framlegg om i § 5. Intensjonen om å løfte fram alle som gjer ein ulønna innsats i kyrkja sitt arbeid er god, men med eit slikt omgrep i denne overordna delen av kyrkjeordninga står ein i fare for å skape eit inntrykk av at det eksisterer ei inndeling av «A- og B-medlemmer» blant dei døypte – altså eit skille mellom «dei aktive» og «dei andre». Rådet gjer framlegg om slik alternativ tekst: «Oppdraget til Den norske kyrkja blir **tatt hand om av alle døypte** i eit tenestefellesskap. **Nokre av desse** er tilsette og vigsla.»

I same paragraf kunne det også vere tenleg om ein uttrykker noko om kva Den norske kyrkja legg i det å vigsla nokon til teneste.

*Til § 6:*

Møre bispedømmeråd sluttar seg til intensjonane i § 6, men har prinsipielle innvendingar mot ordval i tredje ledd. Rådet forstår at ein med ordparet «styring og leiing» ynskjer å uttrykke utøving av mynde ein har fått, anten gjennom val til ombod i råd eller møte, eller gjennom oppnemning til same som del av embetet. Samstundes er «styring og leiing» sentrale omgrep innan arbeidslivet, og då kan det vere forvirrande med ein paragraf som skaper forventning om at arbeidsleiing og styring av tilsette skal skje gjennom demokratiske prosessar. Arbeidslivet føreset medbestemming og truskap mot lov og avtaleverk, men er ikkje demokrati i eigentleg forstand. Her bør det derfor finnast andre formuleringar og rådet tilrår: «**Organiseringa av** Den norske kyrkja **sine organ** byggjer på demokratiske prinsipp. **Arbeidet i slike organ** skjer på alle nivå i eit samvirke mellom representantar for og **valde** blant kyrkja sine medlemmer, og representantar **frå** tenesta med Ord og sakrament.»

Møre bispedømmeråd er nøgde med at innhaldet i § 28 i gjeldande kyrkjelov er søkt vidareført i fjerde ledd i framlegget til § 6, og er glade for at dette kjem inn i kapitlet om grunnlaget for Den norske kyrkja.

**Anna**

Møre bispedømmeråd og Møre biskop vil i tillegg peike på fylgjande:

*Til § 11:*

Møre bispedømmeråd og ser dei gode tankane som er reflektert inn i høyringsdokumentet om vilkår for medlemsskap i § 11, fyrste ledd, og vil støtte prinsippet om ei ordning som gjev alle personar med lovleg opphald i Noreg høve til å bli rekna som medlemmar av Den norske kyrkja – sjølv om dei ikkje har norsk personnummer.

I § 11, andre ledd, handlar om at ein reknar barn som høyrande til kyrkja når ein eller båe foreldra er medlem. Ordninga med «tilhørende» er ei sak som fekk mykje merksemd i høyringa om ny lov om trus- og lissynssamfunn. Møre bispedømmeråd er samd i at det vil vere avgjerande å framleis ha eit ordna tilhøve til born av medlemmer, der barnet ikkje sjølv er døypt. Om tilhørighetsinstituttet forsvinn ut av lovverket vil imidlertid ei slik formulering i Den norske kyrkja sitt eige regelverk ikkje føre til juridiske rettar korkje for kyrkja eller barnet, men berre være noko Den norske kyrkja pålegg seg sjølv. For å signalisere denne endringa i innhald vil det vere ei føremon om det kan finnast eit anna omgrep enn «tilhørsle/tilhørighet» for å skildre tilhøvet mellom kyrkja og udøypte born av medlemmar. Kanskje omgrep som **tilknytt** eller **inkludert** kan nyttast i staden?

Merknadane i høyringsdokumentet til dette punktet er gode, men Møre bispedømmeråd meiner at det kan stillast spørsmål til om kyrkja vil ha høve til å registrere «tilhørende» i framtida. For å halde kontroll med dei som vert rekna som høyrande til kyrkja må det t.d. vedlikehaldas eit register over desse, og dette kan bli problematisk med omsyn til strengare personvernlovgeving. Det blir derfor tilrådd at denne tematikken blir utreia grundig juridisk før saka blir fremma for Kyrkjemøtet for evt. vedtak.

*Til § 23:*

I § 23, andre ledd vil det vere ein føremon om det blir uttrykt tydeleg om kravet om medlemskap i kyrkja for kyrkjelege ombod i § 47, også omfattar den kommunale representanten i kyrkjeleg fellesråd. 6, 4 ledd

*Til § 36:*

Når det gjeld § 36 meiner Møre bispedømeråd at utkastet med føremon kan lausrive seg noko frå prinsippet om at den nye regelverket i prinsippet berre skal vidareføre gjeldande kyrkjeordning utan å gjere materielle endringar. Då Stat og kyrkje skilde lag vart kyrkjemøtet de facto det øvste organet i Den norske kyrkja. Dette bør gå fram av paragrafane som handlar om dette organet, t.d. ved å legge inn nokre overordna formuleringar om ansvar for strategiar, retningsval og visjonar, samt noko om økonomisk ansvar.

I kapittel 2 til 6 er det fleire stader tatt inn formuleringar om at Kyrkjemøtet kan/skal gje meir detaljerte regler eller bestemningar om det paragrafen handlar om (t.d. §§ 11, 15, 18, 24, 33 osv.). Dette er neppe naudsynt, og må vere ein rest frå den gongen Staten i lovs form fastsette kyrkjeordninga. I det minste bør dette kunne samlast i ein felles formulering, t.d. som ny bokstav e i § 36, andre ledd.

*Til §§ 39 og 47:*

Møre bispedømeråd og Møre biskop merkar seg at § 39 pålegg Bispemøtet å «vareta kyrkja si lære og teologi». For å vere konsistent med resten av regelverket ville det her vere betre å nytte «vareta at kyrkja **sin teologi er i samsvar med læregrunnlaget**.» Sett opp mot denne bestemminga blir også § 47, andre ledd, komplisert. Her omtaler ein «kyrkjelege stillingar som inneheld eit ansvar for kyrkja si lære», og sjølv om ein forstår intensjonen i formuleringa, blir dette for knapt og upresist, og kan tolkast til å berre handle om biskopane. Møre bispedømeråd tilrår at formuleringa på denne staden blir utvida til «kyrkjelege stillingar som inneheld eit **sjølvstendig** ansvar for **formidling av kyrkja si lære**».

*§ 39. Bispemøtet (framlegg til ny redigert lovtekst)*

*Bispemøtet består av samtlige tjenestegjørende biskoper.*

*Bispemøtet kan ikke binde den enkelte biskop i utøvelsen av egne tjenestefunksjoner, med mindre det er særskilt bestemt i medhold av kirkeordningen.*

*Bispemøtet skal utøve tilsyn med og pastoralt lederskap i Den norske kirke, ivareta kirkens lære og teologi og fremme enhet i kirken og med andre kirker.*

*Bispemøtet virker også for samordning av de gjøremål som etter gjeldende regler tilligger biskopene. Bispemøtet utfører for øvrig de gjøremål som til enhver tid er pålagt ved bestemmelse av Kirkemøtet og avgir uttalelse i saker som det blir forelagt av Kirkemøtet, Kirkerådet og Den norske kirkes klagenemnd.*

*Bispemøtet avgjør læreklager mot enkeltpersoner etter nærmere regler fastsatt av Kirkemøtet.*

*Bispemøtet skal ha sekretær.*

*Bispemøtet fastsetter nærmere forretningsorden for sin virksomhet.*

Dette forslaget til §39, samlar bestemmelsene som i dag står i KL § 26 og bestemmelsene i Reglement for Bispemøtet § 2. Det er med på å tydeliggjøre Bispemøtets ansvar. Samtidig kan den måten disse to bestemmelsene er redigert sammen på, leses på en måte som hvor Bispemøtet gis myndighet over den enkelte biskop.

Dagens KL §26 uttaler seg om Bispemøtets myndighet. Det samme gjør reglement for Bispemøtet. I sistnevnte presiseres det i § 2: «uten å binde den enkelte biskop i utøvelsen av dennes embetsfunksjoner.» Det er viktig at denne presiseringen kommer tydelig inn i en ny § 39.

Møre bispedømeråd og Møre biskop meiner difor at setninga som er foreslått som tredje ledd, blir flytta opp som andre ledd.

Det foreslåtte andre ledd tar inn ein refleks av at Kirkemøtet har lagt ned Den norske kyrkja si lærenemd og lagt dette ansvaret til et samla Bispemøte, og det er naudsynt. Formuleringa som er valt, kan opne for uklarthet om kva som i realiteten er den einskilde biskop sitt tilsynsansvar og kva mynde som ligg i Bispemøtet.

Møre bispedømmeråd og Møre biskop har ikkje forslag til ny formulering her, men viser til argumentasjonen framført gjennom Bispemøtets eigen høringsuttale i saka.

Møre bispedømmeråd og Møre biskop vil peike på ei vesentlig endring som har komme inn i forslaget sitt andre ledd ved at Kyrkerådet også kan pålegge Bispemøtet gjeremål. I dagens KL § 26 er det Kirkemøtet som ved bestemmelse kan pålegge gjeremål, og det er Kirkemøtet som kan legge saker fram for uttale. Etter vedtak i Kirkemøtet er det naudsynt at Klagenemda blir ein del av denne paragrafen og får slik heimel. Møre biskop finn ikkje at det er utgreidd kvifor det er foreslått at også Kirkerådet skal ha slik heimel. Møre biskop meiner difor at dette leddet skal lyde: «Bispemøtet utfører for øvrig de gjøremål som til enhver tid er pålagt ved bestemmelse av Kirkemøtet og avgir uttalelse i saker som det blir forelagt av Kirkemøtet og Den norske kirkes klagenemd.»

### Anna

Møre bispedømmeråd og Møre biskop opplever at nynorskversjonen av «Utkast til kyrkjeordning» i for stor grad er prega å vere omsett frå bokmål. Rådet ber om at den nynorske versjonen av «Utkast til kyrkjeordning» blir endra til betre og enklare språk.

[Lagre]

---

## **67/18 Høring om personalreglement for Den norske kirke. Møre bispedømmeråd sin uttale.**

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd vedtar Høringssvaret for Personalreglement for Den norske kirke med de innspill som er fremkommet under behandling av saken.

### **Møtebehandling**

Gjennomgang av reglementet. Merknader til ulike punkt

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Møre bispedømmeråd er positive til at de tre reglementene som i dag dekker tilsetting av prester, tilsetting ved bispedømmeadministrasjonene og tilsetting i Kirkerådet erstattes av ett felles reglement.

Vi vil kommentere følgende:

I § 4 ledd 3 sies det at stillinger kan lyses ut internt etter drøfting. Dette skal ikke gjelde prester og lederstillinger. Disse skal ifølge forslaget alltid lyses ut offentlig.

Vi er enige i at hovedregelen alltid skal være offentlig utlysning for alle stillinger, men gir tilslutning for den åpning som gis med intern utlysning i visse tilfeller. Vi støtter at dette ikke

skal omfatte lederstillinger, og ønsker også her å legge til proster hvor utlysning alltid bør skje.

Vi ser derimot ingen grunn til at prester skal være unntatt den åpning det gis i det nye forslaget for intern utlysning under gitte omstendigheter. Det kan i noen tilfeller være tungtveiende personalpolitiske grunner eller spesielle strategiske og økonomiske grunner i virksomheten, som gjør at en intern utlysning kan være den beste løsningen for både prestestillinger og andre stillinger som ikke er definert som lederstillinger.

I § 5 under listen om hva utlysningen skal inneholde, ber vi om at «målform i tjenesten» skal gjelde for alle stillinger og ikke bare skal gjelde for tilsetting av prester.

§ 5 nest siste ledd virker uklar. Hvis en stilling besettes internt vil det vel måtte ha vært en forutgående drøfting og beslutning om dette og dermed ikke grunnlag for ekstern utlysning? Slik setningen nå står kan det virke som man lyser ut en stilling som en ren proforma sak.

Møre bispedømmeråd støtter endringen i § 8 i første ledd om at en representant for det eller de berørte menighetsråd skal sitte i innstillingsrådet. Dette er en god oppfølging av Kirkemøtes vedtak (KM 08/16).

Menighetsrådenes mer aktive rolle i tilsettinger vil føre til noe mer aktiv oppfølging og opplæring og økt byråkrati, men vil være en reel styrking av deres påvirkning ved tilsetting av prester.

Vi ber om at reglementet presiserer at representanten fra menighetsrådet skal være et valgt medlem av rådet. Å styrke den valgte ledelsens ansvar og myndighet svarer bedre til Kirkemøtes anliggende.

I § 9 2.ledd står det om øvrige lederstillinger ved bispedømmekontorene. Det vil være nyttig med en nærmere presisering av hva som defineres som lederstillinger for å få lik praksis i hele rettssubjektet. Skal en forutsetning ved at det defineres som lederstilling være at man er plassert inn i lederavtalen? Eller tenker man seg at en avdelingsleder er en leder? For øvrig gir Møre bispedømmeråd sin tilslutning til at stiftsdirektør, og de som etter nærmere definisjon er ledere, fortsatt blir tilsatt av bispedømmerådet.

Vi støtter forslaget som fremkommer i 3.ledd om tilsetting av ansatte ved bispedømmekontorene. At tilsetting av tilsatte i Kirkerådet og bispedømmekontorene skal skje av et tilsettingsråd, med nærmeste foresatte som innstillende myndighet, vil både være en forenkling av tidligere praksis og mer i tråd med den tilsettingspraksis som har utviklet seg i offentlig sektor, der administrativ ledelse får større påvirkning på å rekruttere sine ansatte.

Til § 10, 3.ledd: Det må stå «Den forhandlingsberettigede arbeidsgiverorganisasjonen».

I § 11 om behandling av søkere er det kommet et tillegg om behandling av søknader fra tidligere reglement. Søkerlisten skal nå snarest sendes til både innstillende myndighet og *tilsettingsmyndigheten*. I dagens reglementet står bare innstillende myndighet. Det nye forslaget bidrar til økt arbeid og byråkratisering. Vi finner ingen god grunn til at tilsettingsmyndigheten trenger søknadene på dette stadium av tilsettingsprosessen. Tilsettingsmyndighetene får etter dagens ordning de nødvendige papirer og opplysninger i god tid før de skal fatte et vedtak i tilsettingsaken.

I § 11 3.ledd står setningen at «det vurderes konkret om søkere som er kjent fra før skal innkalles». Til enhver stilling bør man kalle inn til intervju de av søkerne som man finner aktuelle for den konkrete stillingen. Man vurderer den aktuelle søker opp mot den aktuelle stilling. Setningen at det skal vurderes konkret om søkere som er kjent fra før skal innkalles, virker unødvendig og bør strykes.

I § 12 3.ledd som omhandler intervju av prost står det at «Ytterlige» inntil to representanter fra ulike menighetsråd i prostiet kan delta. Det synes uklart om dette betyr at det totalt kan være inntil to representanter totalt fra menighetsrådene eller om ordet «ytterlige» henviser til setningen foran om tilsetting av menighetsprest, og at ytterlige da betyr at man kan ha 3 eller 4 representanter fra menighetsrådene til stede i intervjuet. Vi mener formuleringen fra

dagens reglement er bedre; «Ved tilsetning av prost velger menighetsrådene inntil tre representanter(-)»

I § 16 5.ledd legges det opp til at to arbeidstakerorganisasjoner skal tiltre i tilsettingssaker med tale, forslags og stemmerett. Denne bestemmelsen som i dag finnes i personalreglementet for ansatte i Kirkerådet i § 7.3, vil føre til en forskyvning i myndigheten til Bispedømmerådet som et politisk valgt organ. Vi ønsker at bestemmelsen fra nåværende reglement § 10 5.videreføres: *Arbeidstakerrepresentanten fra den/de arbeidstakerorganisasjoner hvor søkerne er organisert, har møte og talerett i bispedømmerådet under behandlingen av en tilsettingssak.*

Bispedømmerådet ønsker videre å erstatte formuleringa «skal det tiltres av en representant fra hver av de to arbeidstakerorganisasjoner som organiserer flest arbeidstakere ved organet», med formuleringa «skal det tiltres av en representant fra den arbeidstakerorganisasjonen som organiserer flest arbeidstakere ved organet og av en representant fra den arbeidstakerorganisasjon vedkommende arbeidstaker er organisert i».

I § 19 siste ledd handler om hva som skal vektlegges sammenholdt med kvalifikasjonskravene som er fastsatt i utlysningen. Her ønsker vi at kriteriet fra dagens reglement om «behov for forflytning» skal videreføres. Å opprettholde dette som et av kriteriene for tilsetning, er ikke bare et godt ledd i en personalpolitikk. Det vil også være et virkemiddel for virksomheten til på best mulig måte å disponere sine totale personalressurser.

Til §18, 2.ledd: Bispedømmerådet går inn for at dokumentasjon av bestått praktisk-teologisk eksamen kan skje **seks** måneder etter tilsetning.

[Lagre]

## 68/18 Høyringsuttale - reglar for val av kyrkjerådet

### Forslag til vedtak

#### Kapittel 1 Samansetning og valperiode

§1-1 Møre bispedømmeråd rår til dei endringar i samansetning av kyrkjerådet som høyringsdokumentet skisserer.

§ 1-2 Møre bispedømmeråd har ikkje merknader

#### Kapittel 2 Nominasjon

Møre bispedømmeråd meiner at gjeldande ordning, der valkomiteen fungerer som nominasjonskomite ved val som skal gjennomførast i valperioden, blir vidareført.

§ 2-1 Bispedømmerådet har ikkje merknader

§ 2-2 Møre bispedømmeråd støttar at bispedømmerådet set opp 4 leke kandidatar til nominasjonskomiteen og at minst ein av bør være under 30 år. Vidare rår Møre bispedømmeråd til at både lek tilsett og prest frå kvart bispedømme er kandidatar til Kyrkjerådet.

§ 2-3 Bispedømmerådet har ingen merknader

§ 2-4 b) Bispedømerådet meiner at prestar og alle leke tilsette som ikkje er valt inn på fast plass i rådet, er vararepr. i rådet, i rekkefølge etter talet på stemmer i valomgangen.

### **Kapittel 3 Val**

§ 3-1 Bispedømmerådet har ikkje merknader

§ 3-2 Bispedømerådet støttar at val på leiar blir gjennomført i fleire valomgangar, dersom ingen kandidat får meir enn 50% av stemmene i første valomgang.

§3-3 Møre bispedømeråd støttar alternativ 2 i høyringsuttalen og går inn for at valet blir gjennomført slik at Kyrkjemøtet gjennomfører valet i to valomgangar, der ein vel 5 leke medlemer og 2 prestar i kvar valomgang. (val av lek tilsett i første valomgang)  
Bispedømerådet meiner at to valomgangar kan gi Kyrkjemøtet høve til å forbetre mindretalsrepresentasjon og til å justere kravet til kjønnsbalanse og til ungdomsrepresentasjon.

§ 3-4

*anten:* Bispedømerådet rår til at kandidaten med flest stemmer etter den kandidat som er valt inn i rådet på fast plass, blir varamedlem. Ulempa ved ei slik ordning framfor ei ordning med personleg varamedlem, er at varamedlem i mange saker kan stå for anna syn enn fast medlem. Fordelen er at ordninga ikkje krev eigen valomgang og at dei ulike syn i kyrkjemøtet blir reflektert i Kyrkjerådet.

Varamedlem for leiar i kyrkjerådet, kan vere den fremste av dei prioriterte kandidatane i vedkommande bispedømeråd.

Ved ei slik valordning av varamedlemer, slepp ein å velje varamedlemer i eige val og talet på valomgangar vil bli redusert til 3 valomgangar, ein til val av leiar og to valomgangar til val av medlem og varamedlem.

*eller:* Møre bispedømeråd rår til at Kyrkjemøtet vel personleg varamedlem for kvart medlem i eigen valomgang.

### **Kapittel 4 Anna**

Møre bispedømeråd ber om at reglane for konstituering av Kyrkjerådet tar demokratiske og geografiske omsyn slik at nestleiar ikkje lenger kan representere same bispedøme som leiar.

Møre bispedømeråd har ikkje andre merknader til reglane i dette kapittelet.

### **Møtebehandling**

Rådet gjekk gjennom framlegg til vedtak og tok stilling til alternativa i §3-4.

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

#### **Kapittel 1 Samansetning og valperiode**

§1-1 Møre bispedømeråd rår til dei endringar i samansetning av kyrkjerådet som høyringsdokumentet skisserer.

§ 1-2 Møre bispedømeråd har ikkje merknader

### **Kapittel 2 Nominasjon**



Møre bispedømmeråd meiner at gjeldande ordning, der valkomiteen fungerer som nominasjonskomite ved val som skal gjennomførast i valperioden, blir vidareført.

§ 2-1 Bispedømmerådet har ikkje merknader

§ 2-2 Møre bispedømmeråd støttar at bispedømmerådet set opp 4 leke kandidatar til nominasjonskomiteen og at minst ein av desse bør være under 30 år. Vidare rår Møre bispedømmeråd til at både lek tilsett og prest frå kvart bispedømme er kandidatar til Kyrkjerådet.

§ 2-3 Bispedømmerådet har ingen merknader

§ 2-4 b) Bispedømmerådet meiner at prestar og alle leke tilsette som ikkje er valt inn på fast plass i rådet, er vararepr. i rådet, i rekkefølge etter talet på stemmer i valomgangen.

### **Kapittel 3 Val**

§ 3-1 Bispedømmerådet har ikkje merknader

§ 3-2 Bispedømmerådet støttar at val på leiar blir gjennomført i fleire valomgangar, dersom ingen kandidat får meir enn 50% av stemmene i første valomgang.

§3-3 Møre bispedømmeråd støttar alternativ 2 i høringsuttalen og går inn for at valet blir gjennomført slik at Kyrkjemøtet gjennomfører valet i to valomgangar, der ein vel 5 leke medlemmer og 2 prestar i kvar valomgang. (val av lek tilsett i første valomgang) Bispedømmerådet meiner at to valomgangar kan gi Kyrkjemøtet høve til å forbetre mindretalsrepresentasjon og til å justere kravet til kjønnsbalanse og til ungdomsrepresentasjon.

§ 3-4 Møre bispedømmeråd rår til at Kyrkjemøtet vel personleg varamedlem for kvar lek medlem i eigen valomgang. Kandidaten er av dei føreslegne frå eige bispedømme som ikkje er valt.

### **Kapittel 4 Anna**

Møre bispedømmeråd ber om at reglane for konstituering av Kyrkjerådet tar demokratiske og geografiske omsyn slik at nestleiar ikkje lenger kan representere same bispedømme som leiar.

Møre bispedømmeråd har ikkje andre merknader til reglane i dette kapittelet.

[Lagre]

## **69/18 Visjonsdokument 2019 - 2021**

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd vedtar framlagt visjonsdokument for perioden 2019 - 2021

### **Møtebehandling**

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Møre bispedømme vedtar framlagt visjonsdokument for perioden 2019 – 2021 med eit tilleggsord. Ordlyden øvst i det andre kyrkjevindauge skal vere: «Kyrkjemusikk, **kunst** og kultur»

[Lagre]

## **70/18 Strategiplan 2019 -2021**

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd vedtar Starategiplan med dei tillegg og endringar som kom fram i møtet.

### **Møtebehandling**

Bispedømmerådet gjekk punktvis gjennom strategiplanen og gjorde nokre endringar på planframlegget

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

#### **Meir himmel på jorda**

**Kyrkja i Møre vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus  
Saman med den enkelte kyrkjemedlem og kyrkjelydane i Møre vil Møre biskop og  
Møre bispedømmeråd som del av Den norske kyrkja bidra til vere**

**Vedkjennande:** Vi vitnar i ord, gjerning og liv om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus

**Open:** Vi er eit fellesskap som er trygt, som er prega av likeverd, deltaking og respekt for skilnader.

**Tenande:** Vi engasjerer oss i samfunnet, viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.

**Misjonering:** Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt og tilber saman med den verdsvide kyrkja

#### I perioden 2019–2021 vil vi at:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Kunst og kulturuttrykk er ein del av kyrkja sitt liv
4. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet
5. Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid
6. Kyrkja skaper trygge rom
7. Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon

#### Dette vil vi oppnå ved å:

- Gi trua plass mellom oss
- Ta samfunnsansvar
- Kommunisere

- Styrke kvalitet på gudstenester, kyrkjelege handlingar, tenester og aktivitetar
- Invitere til engasjement og deltaking
- Kalle menneske til tru og teneste

Kyrkjemøtet sine strategiske mål og Møre bispedøme sitt visjonsdokument ligg til grunn for denne strategiplanen.

## 1. Gudstenestelivet blomstrar

### Delmål er forankra i vedtak i Kyrkjemøte og Kyrkjeråd

- Gudstenesta gir eit møte med det heilage, med Gud.
- Gudstenesta er eit ope, deltakinge og inkluderande fellesskap.
- Gudstenesta knyter oss til den verdsvide kyrkja.
- Kyrkja har vigslar som feirar kjærleiken og ber om Guds signing over samlivet.
- Kyrkja lar etterlatne møte omsorg og få oppleve ei verdig gravferd der dei får leggje den døde i Guds hender.
- Kyrkja tar i vare og fornyar kyrkjemusikken og gir rom for ulike og nye kunst- og kulturuttrykk.

### Kor er vi og kor går vi?

Talet på gudstenester på sun- og helgedagar i Møre er grunna prestemangel noko redusert frå tidlegare år og var i 2017 på 2981. Gjennomsnittleg utgjer dette 96 deltakarar på kvar gudsteneste. I 2017 blei det halde 785 gudstenester utanom sun- og helgedagar. Gudstenestefrekvensen er på 49%. Talet på gudstenester på kvardagar har auka, medan talet på gjennomførte forordna gudstenester på sundagar har gått noko tilbake.

Gudstenestereforma og trusopplæringsreforma er viktige element for å nå målet om eit blomstrande gudstenesteliv. Vi vil aktivt arbeide for med kyrkjelydsutvikling og for at gudstenestene i Møre skal ha som kjenneteikn at dei er levande og opne. Vi vil arbeide med å utvikle gudstenestene etter gudstenestereforma, for god samhandling mellom tenestegruppene og vi vil leggje til rette for at auka involvering av leke medarbeidarar og utfordre frivillige til å ta større ansvar i førebuing og gjennomføring av dei forordna gudstenestene. Vi vil arbeide for at fleire kan ta del ved å vurdere skyssordning, tidspunkt og betre tilrettelegging for ulike fysiske og psykiske behov.

Vi vil i tillegg invitere kyrkjelydane til ta auka ansvar for å invitere til leke gudstenester, temagudstenester, salmekveldar, kulturarrangement og andre arr. i kyrkja.

Musikken har hatt sin naturlege plass i kyrkja til alle tider. Kyrkjemusikken sameinar eit åndeleg og musikalsk siktemål, og tolkar og formidlar kristen tru. Vi vil arbeide for å styrkje og sikre det kyrkjemusikalske livet i kyrkjelydane og kyrkja si formidling av tradisjonell og ny kyrkjemusikk. Vi vil ha eit særleg fokus på formidling av den rike salmeskatten til nye generasjonar og ønskjer velkommen nye musikkformer og sjangerbreidde i formidlinga.

## 2. Fleire søkjer dåp og trusopplæring

### Delmål er forankra i vedtak i Kyrkjemøte og Kyrkjeråd

- Medlemmer i Den norske kyrkja ber barna sine til dåpen.
- Alle døypte og tilhøyrande i alderen 0–18 år blir inviterte til trusopplæring som gjer at dei kjenner seg heime i kyrkja, og som gir kunnskap om kristen tru.
- Fleire barn og unge deltar i barne- og ungdomsarbeid i regi av kyrkja og dei fri-villige organisasjonane som samarbeider på «Strategisk plattform Kirkens unge».
- Konfirmasjonstida gir fellesskap og næring til tru og liv.

- Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod.
- Samisk språk og kultur blir varetatt i gudstenestelivet og i trusopplæringa
- Teiknspråk og døve sin kultur blir varetatt i gudstenestelivet og i trusopplæringa
- Kyrkja er inkluderande og legg til rette fullverdig deltaking for dei som har særlege behov eller som treng tilrettelegging.

Kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg og arbeider får å skape fleire møtestader for aldersgruppa 18–30 år. Kyrkja har trusopplæring for vaksne Kyrkja deler evangeliet gjennom ord, nærvær og handling, lokalt og globalt.

### **Kor er vi og kor går vi...?**

Tal på dåpshandlingar går ned både i faktiske og relative tal. Etter å ha vore tett opp mot 90% har delen dåp av tilhøyrande blitt redusert til 86% (2017). Dåpstala går mest ned i dei folkerike prostia, men er stabile i bygder, tettstadar og mindre byar.

I trusopplæringstiltaka har vi sett auke i deltaking på landsomfattande tiltak (49%) og delen av 15-åringar som blir døypte held seg svært høg (97%). I Møre har 73 (2017) kyrkjelydar misjonsavtale

Vi vil halde fast at undervisning og trusopplæring er grunnleggjande verdiar i kyrkja. Vi vil bruke Bibelen, dele evangeliet, bruke forteljingane og arbeide for auka bibelglede. Vi vil halde fram arbeidet med å utvikle trusopplæringsplanane og stimulere tverrfagleg samhandling. Vi vil at stabane skal arbeide saman for ta i bruk gode verktøy til dåpsarbeidet. Vi vil ha fokus på innmelding til dåp, dåpssamtale, tilrettelegging for dåpsfamiliane i kyrkja, tilby fellesdåp og leggje til rette for dåp i nye omgjevnader. Alle som søkjer dåp skal ha eit godt møte med kyrkja!

Alle kyrkjelydane i Møre har godkjente trusopplæringsplanar. Vi vil fornye planane og utvikle dei til å bli endå betre reiskap i trusopplæringsarbeidet. Vi vil arbeide for at deltakingsprosenten aukar, særleg i dei kyrkjelydane der under 50% av invitert målgruppe tar del.

Vi vil arbeide for at deltaking i konfirmasjonstida framleis held seg over 80% . og vil ha særleg fokus på at konfirmasjonstida skal gi fellesskap, hjelp til å setje grenser og næring til liv og tru. Vi trur at dei som vel konfirmasjon også seinare vel å døype når dei ein gong får barn og vi vil auke fokus på strategi- og planarbeidet for konfirmasjonstida.

Vi vil arbeide for å leggje til rette for at det blir skapt gode møteplassar for aldersgruppa 18 – 30. Vi vil satse på ungdomsdemokratiet i kyrkja, på ungdomsting og på samarbeid med den kyrkjelege barne- og ungdomsorganisasjonane gjennom «Strategisk Plattform Kirkens unge» Vi vil stimulere til leiartrening og utfordre og kalle unge til å ta yrkesutdanning som kvalifiserer til teneste i kyrkja.

Gjennom SMM (Samarbeid menighet og misjon) får kyrkjelydane hjelp til å styrkje og utvikle sin misjonale identitet gjennom misjonsavtalar med misjonsorganisasjonar, tilgang misjonale kompetanse, og erfaring av korleis Guds misjon knyter saman den verdsvide kyrkja i eit heilskapleg globalt misjonsengasjement. I overkant av 2/3 av kyrkjelydane i Møre har misjonsavtale, og målet i strategiperioden er at talet aukar. Vi vil skape større medvit av sendings- og misjonsdimensjonen i kyrkjelydane og arbeide for at alle kyrkjelydane forstår at dei misjon er kyrkja sitt vesen.

### **3. Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkja sitt liv:**

Delmål er forankra i vedtak i Kyrkjemøte og Kyrkjeråd

- Kyrkja skaper rom for ulike uttrykk gjennom kunst og kultur, særleg for unge.
- Kyrkja arbeider målretta med rekruttering innan kyrkjemusikk.
- Kyrkja er ein relevant samarbeidspartner for kulturlivet elles.
- Kyrkja som kulturarena er ein berebjelke i folkekyrkja sin plass i samfunnet.

- Kyrkja er ein aktiv forvaltar av salmeskatten.

### **Kor er vi og kor går vi...?**

Det er auke i bruk av kyrkja til konsert og kulturformål. I alt blei det i 2017 invitert til 780 konsertar og kulturarr. og 107 000 tok del. Dette talet aukar, jamvel om det er ein del kulturarr. som ikkje blir godt nok registrerte i statistikkane. Vi veit likevel, ikkje minst med utgangspunkt i markant auke av frivillige, (7790 pers. i 2017) at kunst- og kulturarbeidet er svært viktig del av kyrkja sitt liv.

Vi vil arbeide for at kyrkjene skal vere arena for eit mangfald av kunst og kulturuttrykk. Kyrkjehusa er kulturbygg og kyrkjene formidlar kultur.

Vi vil at kyrkjelydane i aukande grad skal arrangere samlingar i kyrkja og at sokna skal leggje til rette for eksterne aktørar. Ulike kulturuttrykk opnar opp og inviterer inn på ein måte som gir mange høve til å nærme seg kyrkja sin bodskap. I samarbeid med kulturlivet vil vi arbeide for å gje rom for det skapande menneske i kyrkjerommet.

Det kyrkjemusikalske arbeidet og kulturarbeidet skal vidareførast gjennom utvikling av kyrkjemusikalske planar og vi vil arbeide for at mange fleire av kyrkjelydane skal ha vedtekne planar innan utgangen av perioden.

Vi erkjenner at kulturarbeidet i kyrkja er ein av bærebjelkane i folkekyrkja, og vil arbeide for betre dokumentasjon av dette arbeidet og for å styrke kyrkja som kulturaktør og kulturarena.

## **4. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet**

### **Delmål er forankra i vedtak i Kyrkjemøte og Kyrkjeråd**

- Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket.
- I samarbeid mellom kyrkjelydar og diakonale institusjonar fremjar kyrkja omsorg, rettferd og respekt.
- Kyrkja stimulerer menneske til aktivt samfunnsengasjement.
- Kyrkja er ein relevant, aktiv og synleg aktør i media.
- Kyrkja er ein tydeleg og konstruktiv aktør i det norske samfunnet i samarbeid med styresmakter, livssynssamfunn, kulturliv og ulike organisasjonar.
- Kyrkja styrkjer samarbeidet med skolar og barnehagar.
- Kyrkja oppsøker og tilbyr fellesskap til dei som er nye i Noreg.
- Dei som er nye i Noreg finn sin plass i kyrkjelydane i Den norske kyrkja eller i sine egne trussamfunn.
- Kyrkja fremjar religionsdialog lokalt, regionalt og nasjonalt.

### **Kor er vi og kor går vi...?**

Talet på grøne kyrkjelydar er 15 og veksande. Miljøengasjementet er vaksande og bdr. har starta eit prosjekt som arbeider aktivt og godt med ENØK-tiltak i kyrkjene. Talet på diakoniplanar har auka siste året. Det diakonale samarbeidsprosjektet i Surnadal mellom kyrkja og kommunen har hausta gode tilbakemeldingar. Dei fleste kyrkjelydar har egne heimesider og Møre bispedøme er i aukande grad synleg på digitale plattformer, gjennom heimeside og facebookside.

Diakoni er ein av berebjelkane i kyrkja sitt arbeid. Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd skal underbygge kyrkja sine ord og gjere henne truverdig. Vi vil støtte og bispedømet sitt ENØK-prosjekt og arbeide for energiøkonomisering og miljøsertifisering på alle nivå i kyrkjelyd og kyrkjer. I strategiperioden er det eit mål å utvikle diakonalt planverk i kyrkjelydane og vi vil stimulere til diakonalt strategiarbeid i prostiet og til auka samarbeid med diakonale institusjonar/organisasjonar.

Kyrkje – helse samarbeid er også ein viktig arena. Vi vil arbeide for å styrke samarbeidet med kommunane og vere opne for å gå inn i diakonalt samarbeid, særleg i prosjekt som har fokus på psykisk helse og som rettar seg mot ungdom.

Etablering av «Kystpilegrimsleia» og «Valldalsleden» utfordrar til å arbeide vidare med å utvikle pilegrimsledene. Utvikling av nøkkelstadane og arbeidet med å legge til rette for fleire «opne kyrkjer» står sentralt. Vi vil at pilegrimsreiser og retreatopphald skal vere ein del av den andeleg utvikling for både tilsette og kyrkjelydar.

Media er ein viktig aktør i høve til det som skjer i den enkelte kyrkjelyd og i bispedømet. Kvar enkelt står overfor auka informasjonsflyt og sosiale media er ein viktig arena. I Møre ønskjer vi å utvikle opne strategiar for god kommunikasjon og forbetre kommunikasjonen vår i sos-med. Vi vil leggje til rette for transparente prosessar. Vi erkjenner at satsing på digital kommunikasjon kan setje kyrkja i kontakt med mange ein elles ikkje når fram til og vi vil auke kompetansen på dei digitale plattformene.

Kyrkja er ein del av samfunnet og vil framleis oppmuntre til aktivt samfunnsengasjement. Vi vil fremje den kristne kulturarven og ta samfunnsansvar ved å føre dialog med styresmakter, samfunnsinstitusjonar og organisasjonar.

Men mest av alt vil vi at kyrkja står fram med profetisk røyst som forkynner Kristus og som vernar livet og set menneskeverdet høgt!

Vi vil invitere til religionsdialog, samarbeide med skule og barnehage og alltid stå opp for dei minste og dei svake i samfunnet.

Vi vil arbeide for integrering for dei som er nye i landet, for dei som mot eigen vilje er isolert frå fellesskapet og for dei som er einsame og åleine.

## **5. Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid:**

### **Delmål er forankra i vedtak i Kyrkjemøte og Kyrkjeråd**

- Kyrkja inspirerer til deltaking i frivillig teneste.
- Kyrkja sikrar gode arbeidstilhøve for sine frivillige og tilsette.
- Kyrkja styrkjer rekruttering til kyrkjeleg utdanning.
- Kyrkja medverkar til at fleire søker kyrkjelege stillingar

### **Kor er vi og kor går vi?**

I Møre er 32% av alle prestar under 40 år. 31% er over 60 år. 25% av prestane er kvinner. Kvar prestestilling hadde i snitt 2,9 søknadar i 2017, men har gått svært mykje ned i 2018.

Prestar i Møre bispedøme har lågast gjennomsnittsalder i landet! Det er svært gledeleg at heile 32% av prestane er under 40 år.

I alt tok biskopen del ved 6 vigslingar i løpet av året. Det er likevel grunn til uro over dårleg rekruttering til kyrkjeleg teneste. Fleire sokn står utan fast tilsett prest, og gruppa av prestar som nærmar seg pensjonsalder aukar!

I Møre er det 15 diakonstillingar i kyrkjelydar som får delvis statleg tilskott. Det er 9 kateketar som delvis får statleg tilskott. Desse er tilsett av Kyrkjeleg fellesråd. I tillegg er det om lag 350 andre tilsette i dei lokale kyrkjelydane med fellesrådet som arbeidsgjevar. Det er mangel på friviljuge leiarar og det er vanskeleg å rekruttere til ledige stillingar i kyrkja. Vi vil utfordre til rekruttering av nye medarbeidarar, både frivillige og løna.

Godt arbeidsmiljø og god personalforvaltning er eit viktig grunnlag for rekruttering til kyrkjeleg utdanning og teneste. Dette gjeld og for alle dei frivillige/uløna medarbeidarar i kyrkja.

I Møre ønskjer vi medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap. Vi vil arbeide for å auke kvinnedelen i presteskapet og vi vil kalle fleire til teneste i kyrkjeleg arbeid

Vi ønsker tryggje det faglege arbeidet ved å leggje til rette for årlege fagsamlingar, samstundes vil vi styrke tverrfagleg samarbeid i stab og på alle nivå i kyrkja.

I Møre vil vi styrke det strategiske arbeidet i prostiet slik at kyrkjelydar som ikkje har tilsett kateket og diakon også får del dei ulike faggruppene sin kompetanse.

Dei kyrkjelege strukturane og ordningane er i endring. Vi vil ha ei aktiv haldning for å utvikle desse ordningane med fokus på arbeidsmiljøet.

## 6. Kyrkja skapar trygge rom:

### **Delmål er forankra i vedtak i Kyrkjemøte og Kyrkjeråd**

- Alle menneske har ukrenkeleg verdi.
- Kyrkja deltek i arbeid mot undertrykking og alle former for vald og overgrep.
- Kyrkja fremjar språk for, og samtale om, grenser, makt og seksualitet.
- Kyrkja støttar haldningar, aksjonar og rørsler som er imot undertrykking og alle former for vald og overgrep.

### **Kor er vi og kor går vi...?**

I Møre er det innført ordningar for varsling og det er kultur for å melde frå om kritikkverdige tilhøve. Arbeidsgivar tar saker der ein medarbeidar eller nokon i kyrkjelyden sine grenser er trua på stort alvor.

Vi vil alltid møte ho/han som er krenka med tiltru og tillit. Vi vil ta i bruk/utvikle system og ordningar som kan gi profesjonell hjelp og støtte til ho/han som er undertrykt og/eller utsett for vald og overgrep. Vi vil ha nulltoleranse for mobbing og vil arbeide for trygge arbeidstilhøve ved å leggje til rette for vernearbeid og ved å lytte til tillitsvalgte.

Vi vil arbeide for å gi rettferdig behandling til ho/han som blir klaga for overgrep, vald eller anna kritikkverdig handling.

I Møre vil vi støtte og samhandle med diakonale organisasjonar og institusjonar som gir hjelp til dei som er krenka og utsett for vald og overgrep. Vi vil ha reglar og rammer og krevje politiattest for leiarar i barne- og ungdomsarbeidet. Vi vil har kontor som gir innsyn og opne strukturar. Vi vil støtte kampanjar som talar den krenka si sak og vi bruke kyrkjerommet til temagudstenester og andre arrangement for å skape fleire trygge rom.

## 7. Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon:

### **Delmål er forankra i vedtak i Kyrkjemøte og Kyrkjeråd**

- Kyrkja har demokratiske ordningar som sikrar at ho blir styrt i samsvar med grunnlaget sitt og ønska til kyrkjemedlemmene.
- Kyrkja styrkjer ungdomsdemokratiet, særleg lokalt og regionalt.
- Kyrkja arbeider fram ei kyrkjeordning som varetar både lokal tilknytning og heilskapleg styring.

**Kor er vi og kor går vi...?**

Møre bispedøme legg til rette for årlege fagsamlingar for dei vigsla tenestegruppene. Gjennom kontaktmøter og i vernearbeidet inviterer arbeidsgivar til samspel og samarbeid med representantar for arbeidstakarorganisasjonane. Møre bispedøme satsar på å utvikle ungdomsdemokratiet og legg til rette for samråd med organisasjonane på «Plattform –kirkens unge» Bispedømet er ikkje redd for meningsmangfald og ønskjer stor breidde i alder og kjønn i sine valte demokratiske organ. Bispedømet har god tradisjon for tverfaglege møter, men har få samarbeidsarenaer på prostinivå mellom tilsette i fellesråd og tilsette i bispedømeråd.

Vi vil arbeide for gode samarbeidsrutinar og leggje til rette for gode møteplassar for tilsette i dei to arbeidsgivarlinjene. Vi vil arbeide for ei kyrkjeordning som styrkjer lokal medverknad og som hindrar sentral over-styring

Vi vil arbeide for å auke kompetansen for dei nye sokneråda, vi vil gi gode råd og samhandle på ulike nivå. Vi erkjenner at planarbeid er krevjande, at det kan splitte meir enn det samlar og at arbeidet kan opplevast fragmentarisk og uoversiktleg. Vi vil styrke soknerådet som organ og arbeide for å samle dei ulike planane i kyrkjelyden i heilskapsplanar.

Vi vil lytte til sokna sine ønskjer og arbeide for at soknerådet får reell medråderett i tilsetjingssaker og i alle andre saker som angår soknet.

Vi vil gi ungdomsdemokratiet gode høve til å utvikle seg. Vi vil tryggje rådgivingskompetansen for ungdomsspørsmål og arbeide for å rekruttere bredt til ungdomsting.  
[Lagre]

**71/18 Utkast til årsplan og budsjett 2019****Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd støttar utkast til årsplan og budsjett for 2019 med dei tillegg og endringar som kom fram i møtet.

**Møtebehandling**

Samtale

**Votering**

Samrøystes

**Vedtak**

Møre bispedømeråd tek utkast til budsjett til vitande

[Lagre]



## **72/18 Rekneskap 31.10.2018**

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd tek rekneskapen pr 31.10.18 til vitande.

### **Møtebehandling**

Samtale

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Møre bispedømeråd tek rekneskapsrapport pr. 31.10.18 til vitande

[Lagre]

---

## **73/18 Miljøsatsing og oppfølging av ENØK-prosjektet**

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd rettar stor takk til medlemene i prosjektgruppa for innsatsen dei legg ned i eit viktig satsingsområde i kyrkja og ser med spenning fram til vidare utvikling i prosjektet

### **Møtebehandling**

Per Fredrik Brun og Max Ingar Mørk presenterte prosjektgruppa sitt arbeid og orienterte om framtidsplanar og progresjon i prosjektet.

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Møre bispedømeråd rettar stor takk til medlemene i prosjektgruppa for innsatsen dei legg ned i eit viktig satsingsområde i kyrkja og ser med spenning fram til vidare utvikling i prosjektet

[Lagre]

**Orienteringssaker**

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
74/18	17/00414-90	Orienteringssaker 14.12.2018

Munnleg orietering frå medlem i kyrkjerådet sitt AU

Munnleg orientering frå biskop

Munnleg orientering frå fung. stiftsdir.

**Referatsaker**

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
75/18	17/00414-91	Referatsaker 14.12.2018



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	421	19/00580-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
8/19	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.02.2019

## Aktuelle orienteringar - samtale

18\_05441-2 Årsplan 2019 570644\_3\_0

### Saksorientering

Medlemene i Møre bispedømeråd har ved fleire høve uttrykt glede over dei gode samtalanene i rådet. For å gjere gode vedtak, treng bispedømerådet kjenne prosessar og tilhøve i fag og forvaltning. Bispedømerådet gir rammes for arbeidet i bispedømet. Innanfor desse rammene og i delegasjonsreglement ligg det til biskopen å føre tilsyn med verksemda og til administrasjonen å forvalte midlar og til å utøve arbeidsgivaransvaret på vegne av rådet.

For å gjere kvarandre gode er det likevel viktig å sjå saman og å informere og lytte til kvarandre sine synspunkt. For å leggje til rette for slik samtale, vil administrasjonen invitere til dialog med bispedømerådet ved å informere om saker og prosessar som pregar arbeidet i Møre bispedøme.

### Administrasjonen orienterar:

#### Kyrkjevalet 2019

Rådgivar kyrkjeval er godt i gong med å halde kurs for valmedarbeidarar rundt om i prostia. Prostane inviterer sokneråda til å velje medlemmer til nominasjonskomiteen for leke kandidatar til bispedømeråd.

#### Årsplan 2019

Møre bispedømeråd skulle etter planen i dette møtet behandle årsplan for 2019. Som følgje av at tildelingsbrev frå Kyrkjerådet enno ikkje ligg føre blir saka handsama i neste møte. Det blir vist til skisse til årsplan som grunnlag for samtalen.

Til grunn for Årsplan 2019 ligger

Nasjonale mål vedtatt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet (med mål og resultatindikatorar)

1. Visjonsdokument for Møre bispedøme
2. Strategiplan for Møre bispedøme
3. Sak om «Årsplan og budsjett 2019 – førebels behandling»
4. Risikovurderingar for at hovudmål ikkje blir nådd
5. Tiltak for å sikre at hovudmål blir nådd

Årsplan gir ikkje uttrykk for alle planlagte aktivitetar i bispedømet, men er avgrensa til tiltak i høve til dei områda det er satt mål og resultatindikatorar for. Det er difor nødvendig å sjå årsplanen i samanheng med ein totalsituasjon.

Det er ikkje lenger særskilte nasjonale mål og resultatkrav knytta til prestenesta eller bispedømeadministrasjonen. Desse felte vil bli lagt inn i årsplanen som regionale mål og tiltak.

I tillegg er det nokre tiltaksområder som gir prioriteringsutfordringar

- \* Prestetenesta – ressursar og rammer for personalpolitikken
- \* Administrasjon – effektiviseringsprosess og ressursar
- \* Resultat av arbeid med ny lovgivning og ny kyrkjeordning
- \* Vidareføring av engasjement for ungdomsarbeid og ungdomsdemokrati
- \* Bibelen som tema for Møre bispedøme og i møte med Bokåret 2019.
- \* Prosjekt “velkommen til dåp” – vidare utvikling
- \* Tverrfaglig samarbeid - saman med den lokalkyrkjelege rådsstrukturen
- \* Studentarbeid/Arbeid med kystpilegrimsleia
- \* Ny kommunestruktur, ny kyrkjestruktur
- \* Kommunikasjon - intranett/heimeside/sosiale medier
- \* Grøne kyrkjelydar og prosjekt Energiøkonomisering i kyrkjebygg

### **Fungering som stiftsdirektør**

Det er inngått ein avtale mellom bispedømerådet sin leiar og fungerande stiftsdirektør om å forlengje fungeringsperioden fram til 1. juni 2019. Fungeringa skjer uavhengig av sjukmeldingsgrad hos stiftsdirektør og er etablert etter ønskje frå stiftsdirektøren.

### **Boka sitt år, bibelmarkeringar**

Møre bispedøme er i dialog med Nynorsk om markeringar i det internasjonale bokåret. Samarbeidet er i støypeskeia, men det ser ut som salmane og songen står sentralt i markeringane. I samband med bokåret, er det også sett i gong eit samarbeid med aktuell kunstnar om ein bibelturnè rundt om i bispedømet. Kyrkjelivavdelinga ønskjer å løfte opp bibel-boka som den viktigaste skriftkjelda i det internasjonale bokåret.

### **Studieturar**

Møre bispedøme har ikkje gjennomført studietur sidan 2013. Hausten 2019 vil bispedømerådet sine tilsette bli invitert på studietur til venskapsbispedømet i vest, Newcastle. Her vil dei som tar del få oppleve Church og England, nord-England og bli godt kjent med tradisjonen frå «Holy Island» I tillegg vil ein besøkje universitetsbyen Durham og få fagleg og kulturelt påfyll til vidare teneste i Møre.

Den andre turen går til Egypt, til utallege spennande og fagleg interessante opplevingar i Kairo. Ein legg opp til besøk på Anafora og med biskop Thomas, til å besøkje lokale kyrkjelydar og til fagleg fokus på misjon (Sat.7) og på tilhøvet mellom kristne og muslimar i Midt-austen. Turen blir gjennomført i samarbeid med VID og ein ønskjer å tilby deltakarane høve til å gjennomføre studiepoenggivande kurs i etterkant av studiereisa.

### **Fagsamlingar og tverrfaglege samlingar**

#### **Ungdomsting på Vestnes**

Kyrkjelydane er invitert til å sende utsendingar og deltakarar til ungdomstinget på Vestnes. Rådgivar ungdom er i planlegging med ungdomsrådet og ein håpar på god oppslutning. Det er viktig å skape engasjement og vekse nedanfrå, og ungdomstinget gir viktige innspel og bidrag til livet i kyrkje. Ungdomstinget vel også ungdomsråd og har ein viktig rolle når unge skal utfordrast til å stille seg på liste til sokneråd og bispedømeråd

#### **Effektiviseringsprosessen**

Orientering om status på kontoret, om innvilga sluttpakkar og om prosessen rundt søknader og innbemanning til dei nye nasjonale einingane for arkiv og løn/rekneskap.

#### **Ny organisering av Bispedømekontoret**

Mange oppgåver ved bispedømekontoret er i endring, og situasjonen set krav til omstilling- og endringsvilje. Administrasjonen har sett i gong eit arbeid for å få oversikt over alle arbeidsoppgåvene som vil bli verande ved bispedømekontoret, slik at desse kan fordelast på nytt når effektiviseringsprosessen er slutført. Kontoret har alt sett inn tiltak for å sikre at

oppgåver likevel blir gjennomført når medarbeidarar sluttar. I løpet av våren, når ein får oversikt over oppgåver og personalressursar lyt ein gå gjennom organiseringa av kontoret på nytt.

**Biskopen orienterar:**

**Orienteringar frå medlemmer i bispedømerådet:**

I

**Forslag til vedtak**

Bispedømerådet tar orienteringane til vitande



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	100	18/05441-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.02.2019

## Årsplan 2019

### Saksorientering

Møre bispedømeråd skal i dette møtet behandle årsplan for 2019.

Årsplan for 2019 blir lagt fram sjølv om det enno ikkje ligg føre tildelingsbrev frå Kyrkjerådet. Årsplanen legger til grunn at aktivitetsnivået blir vidareført, jfr saksframlegg og vedtak i sak 71/18 i møte 14/12-18. Stiftsdirektør tilrår at årsplan blir behandla no slik at det for bispedømerådet og administrasjon ligg føre ein plan for verksemda. Om føresetnadane blir vesentleg endra, vil saka om årsplan bli lagt fram for bispedømerådet pånytt.

Bispedømerådet har etter interne prosessar gjort vedtak om visjonsdokument og strategiplan i møte 14/12-18. Årsplan 2019 legger prosessane og vedtaka for strategi- og visjonsdokument til grunn.

Det er ei målsetting å ha samsvar mellom årsplan og årsrapport. Det er vidare eit ønskje om forenkling og meir oversikt samstundes som vi skal etterkomme krav om å sikre at risikovurdringar er ein intergrert del av planprosessane.

Til grunn for Årsplan 2019 ligger

1. Nasjonale mål vedtatt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet (med mål og resultatindikatorar)
2. Visjonsdokument for Møre bispedøme
3. Strategiplan for Møre bispedøme
4. Sak om «Årsplan og budsjett 2019 – førebels behandling»
5. Risikovurderingar for at hovudmål ikkje blir nådd
6. Tiltak for å sikre at hovudmål blir nådd

Årsplan gir ikkje uttrykk for alle planlagte aktivitetar i bispedømet, men er avgrensa til tiltak i høve til dei områda det er satt mål og resultatindikatorar for. Det er difor nødvendig å sjå årsplanen i samheng med ein totalsituasjon.

Det er ikkje lenger særskilte nasjonale mål og resultatkrav knytta til prestenesta eller bispedømeadministrasjonen. Desse felte er lagt inn i årsplanen som regionale mål og tiltak.

I tillegg er det nokre tiltaksområder som gir prioriteringsutfordringar

\*Prestetenesta – ressursar og rammer for personalpolitikken

\*Administrasjon – effektiviseringsprosess og ressursar

- \* Resultat av arbeid med ny lovgivning og ny kyrkjeordning
- \* Vidareføring av engasjement for ungdomsarbeid og ungdomsdemokrati
- \* Bibelen som tema for Møre bispedøme og i møte med Bokåret 2019.
- \* Prosjekt “velkomen til dåp” – vidare utvikling
- \* Tverrfaglig samarbeid - saman med den lokalkyrkjelege rådsstrukturen
- \* Studentarbeid
- \* Ny kommunestruktur, ny kyrkjestruktur
- \* Kommunikasjon - intranett/heimeside/sosiale medier
- \* Grøne kyrkjelydar og prosjekt Energiøkonomisering i kyrkjebygg

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd vedtar årsplan for 2019. Om det skjer vesentlege endringar ber bispedømerådet om at saka blir lagt fram på nytt.



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	001	18/03615-19	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.02.2019

## Høyring om bispedøme grenseregulering Hornindal sokn til Møre bispedøme

### Vedlegg:

00260061

Høyring til Fellesnemnda - Samanslåing av Volda og Hornindal kommuner og regulering av bispedøme grense mellom Møre og Bjørgvin

327157\_READONLY

Høyringsfråsegn prosten i Søre Sunnmøre prosti

Høyring om grensejustering av bispedøme grensa mellom Bjørgvin og Møre

## Høyring - Endring av bispedøme grenser i Møre bispedøme

### Bakgrunn for saka

På bakgrunn av kommune- og regionreforma har Stortinget gjort formelle vedtak om endringar i kommunestrukturen i Møre og Romsdal. Det er gjort vedtak som får konsekvensar for grensene mellom Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylker.

I følgje Kyrkjelova § 5 skal det være eit kyrkjeleg organ på kommunenivå. Dette vil medføre at grensene for noverande fellesråd lyt justerast. Dei vedtekne endringane i kommunestrukturen og vedtak om grensereguleringer mellom fylka vil virke direkte inn på bispedøme grensa og på prostigrensene for Søre Sunnmøre prosti.

Endringane i kommunegrensene får konsekvensar for Volda frå 1/1 2020.

Møre bispedømeråd gjorde i sak 41/18 vedtak om at forslag til endring av prosti og bispedøme grenser skal sendast på høyring til aktuelle høyringsinstansar etter at naudsynte vedtak er gjort av Storting, regjering, departement og fylkesting.

Høyringsbrevet blei sendt ut 5. desember.

Desse fekk saka til uttale:

- Soknerådet i Storfjorden, Austefjord, Kilsfjord, Dalsfjord og Volda.
- Kyrkjeleg fellesråd i Volda og Ørsta
- Ørsta Kommune
- Volda kommune
- Fellesnemnda i «nye» Volda kommune



- Kyrkjeleg fellesnemnd i «nye» Volda fellesråd
- Møre og Romsdal fylke
- Prosten i Søre Sunnmøre
- Fagorganisasjonane i begge arbeidsgivarlinjer

### **Handsaming av høyringssvar**

Høyringsinstansane har hatt frist til å svare 18. januar. Volda kommune ber om at bispedømerådet legg til grunn rådmannen si innstilling i saka, og vil ettersende formannskapet sitt vedtak når det ligg føre etter deira møte 22. jan. Kontaktmøtet mellom Møre bispedøme og arbeidstakarorganisasjonane finn stad dagen før bispedømerådsmøtet. Administrasjonen vil referere munnleg frå dette møtet si handsaming av saka.

Kyrkjerådet vil handsame saka i sitt møte 14 -15. mars og vil sende saka til endeleg avgjerd i departementet.

Desse har gitt høyringsuttale

- Kyrkjeleg fellesnemnd i Volda
- Prosten i Søre Sunnmøre prosti
- Kommunal fellesnemnd i nye Volda
- Hornindal kommune
- Volda kommune v/rådmann

### **Berre endring av bispedøme­grenser**

Denne høyringa gjeld berre regulering av bispedøme­grensa mellom Møre og Bjørgvin. Møre bispedømeråd vil på eit seinare tidspunkt ta stilling til om prostiinndelinga skal endrast.

### **Høyrings­spørsmål**

Dei spørsmål som er aktuelle for høyring er følgjande:

1. Med bakgrunn i endringane av region­grensene ber ein om synspunkt på følgjande:

- a) Skal bispedømet si grense følgje ny region­grense? - eller
- b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkes­grense?

2. Dersom grensa for Møre bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny region­grense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarende endring i prosti­grensa for Søre Sunnmøre prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?

3. Andre kommentarar

### **Oppsummering av høyringsvara**

Alle som har gitt høyringsuttale svarar ja på dei to høyrings­spørsmåla. Alle instansane seier ja til samanfallande bispedøme­grense og region­grense og alle som har gitt uttale svarar ja på spørsmålet om at grensene for Søre Sunnmøre prosti blir regulert tilsvarende. Dei fleste har høyringsinstansane gir uttrykk for likelydande kommentar om at stillingsressurs tilsvarende 50% stilling blir overført Møre bispedøm frå Bjørgvin bispedøme for å sikre at set nye soknet får tilsvarende presteressurs som det har no.

### **Forslag til vedtak**

- 1) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om at bispedømet si grense skal følgje region­grensa mellom Møre og Vestland.
- 2) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om tilsvarende endring av prosti­grensa for Søre Sunnmøre prosti.
- 3) Møre bispedømeråd legg til grunn for overføring av Hornindal sokn til Volda Fellesråd at Kyrkjerådet overfører av presteressursar til Volda tilsvarende dei presteressursar i som i dag ligg til Hornindal sokn.

Sjølv om endring ikkje blir gjennomført med verknad før 1. jan 2020, vedtar bispedømerådet at gjennomføring av kyrkjevalet 2019 blir gjennomført som om endring alt har skjedd.



*2. Dersom grensa for Bjørgvin bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny fylkesgrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarande endring i prostigrensa for Nordfjord prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?*

Som følge av Hornindal kommune sitt standpunkt om at bispedømgrensa vert endra, vil det vere naturleg at også prostigrensene vert endra, slik at grensa mellom Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti også vert endra. Dette vil såleis bety at Hornindal etter 2020 vert del av Søre Sunnmøre prosti, Møre bispedøme.

### 3. Andre kommentarar

Hornindal kommune føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prost. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i Hornindal.

### Økonomiske konsekvensar

Saka har ingen kjende økonomiske konsekvensar for Hornindal kommune.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Hornindal kommune meiner at ein skal vidareføre praksis med at bispedømgrensene følgjer fylkesgrensene, og at bispedømgrensa vert endra i tråd med endring av fylkesgrensa.

2. Som følge av Hornindal kommune sitt standpunkt om at bispedømgrensa vert endra, vil det vere naturleg at også prostigrensene vert endra, slik at grensa mellom Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti også vert endra. Dette vil såleis bety at Hornindal etter 2020 vert del av Søre Sunnmøre prosti, Møre bispedøme.

3. Hornindal kommune Hornindal kommune føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prost. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i Hornindal.

### Vedlegg:

28.12.2018

Høyring om justering av bispedømgrensa  
mellom Bjørgvin og Møre sendt fra en enhet i  
Den norske kirke

1347350



# Hornindal kommune

Arkiv: FE-033  
 Arkivsaksid: 16/10144-184  
 Saksbehandlar: Ann Kristin Langeland  
 Dato: 28.12.2018

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for Oppvekst og Helse	
	Kommunestyret	

## Høyring om justering av bispedømgrensa mellom Bjørgvin og Møre



**Sakstilfang/Lover/Plandokument**  
 Kyrkjelova

### Bakgrunn for saka

01.01.2020 vert Hornindal kommune del av (nye) Volda kommune, og vert då del av Møre og Romsdal fylke. Dette får konsekvensar for fylkesgrensa og då også for grensa mellom Bjørgvin bispedøme og Møre bispedøme. Det vil også få konsekvensar for prostigrensene.

### Saksopplysningar

Bjørgvin bispedømeråd førebur no sak knytt til justering av bispedømgrensa og har sendt sak over til høyring. Hornindal kommune er aktuell høyringsinstans, det er også Soknerådet i Hornindal, Fellesnemnda i nye Volda kommune, kyrkjeleg fellesnemnd i nye Volda med fleire. Høyringsfrist er sett til 01.02.2020. Saka skal handsamast i bispedømerådet 19. februar 2019 og i Kyrkjerådet 14. og 15. mars 2019. Saka vert så sendt vidare til handsaming i Kulturdepartementet. Det vert lagt opp til at vedtak trer i kraft 01.01.2020.

Ein har administrativt gjeve melding til Bjørgvin bispedømeråd om rådmannen si innstilling til Hornindal kommunestyre, med atterhald om at det kan kome endringar etter politisk handsaming.

### Drøfting

Administrasjonen til Bjørgvin bispedømeråd innstiller på at bispedømgrensa bør følgje den nye fylkesgrensa og at prostigrensa for Nordfjord prosti vert endra tilsvarende. Det betyr at Hornindal etter 2020 vil høyre til i Møre bispedøme og Søre Sunnmøre prosti.

I høyringsbrevet vert ein beden om å ta stilling til følgjande:

1. Med bakgrunn i endringane av fylkesgrensene ber ein om synspunkt på følgjande:
  - a) Skal bispedømet si grense følgje ny fylkesgrensene? - eller
  - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrensene?

Hornindal kommune meiner at ein skal vidareføre praksis med at bispedømgrensene følgjer fylkesgrensene, og at bispedømgrensa vert endra i tråd med endring av fylkesgrensa.



40#228 e3ea9550-34ff-4801-99ff-4627efbb3510.4



# Hornindal kommune

Rådmann

Bjørgvin Bispedøme  
Postboks 1960 Nordnes  
5817 BERGEN

**Vår ref:**  
16/10144-189/ FE-033 AKLA

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
15.01.2019

## Høyring om justering av bispedømgrensa mellom Bjørgvin og Møre

Syner til brev, datert 14.12.18, der hornindal kommune vert inviterte til å gje høyringsuttale i høve justering av bispedømgrensa mellom Bjørgvin og Møre.

Hornindal kommune vil gjerne gje høyringsuttale i saka.

Rådmann har skreve framlegg til uttale, som skal handsamast av Hornindal kommunestyre den 14. februar, altså etter høyringsfristen, men før bispedømerådet si handsaming.

Ein sender difor over rådmann si innstilling, og tek atterhald om at det kan kome endring etter den politiske handsaminga av saka.

Dersom Hornindal kommunestyre gjer endringar i høve innstillinga, vil ein varsle Bjørgvin bispedømeråd om dette før møtet den 19.02.19.

Helsing

Ann Kristin Langeland  
Rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### Mottakare:

Bjørgvin Bispedøme                      Postboks 1960 Nordnes                      5817                      BERGEN

### Kopi til:

Møre Bispedømekontor                      Moldetrappa 1                      6415                      MOLDE

### Vedlegg:

Høyring om justering av bispedømgrensa mellom Bjørgvin og Møre                      1347611                      15.01.2019

**Adresse**  
Postboks 24, 6761 Hornindal

**Telefon**  
57 87 98 00

**Org.nr**  
835 095 762

**E-post**  
post@hornindal.kommune.no

**Internett**  
www.hornindal.kommune.no



SI: 00000

40#227:e3ea8550-34ff-4801-99ff-4627efbb5510:3

40#226:e3ea9550-34ff-4801-99ff-4627efbb3510.2

Avsender: Hornindal kommune  
Postboks 24  
6761 Hornindal



70304-40-22

Møre Bispedømekontor  
Moldetrappa 1  
6415 MOLDE

## Høyring om justering av bispedømgrensa mellom Bjørgvin og Møre



00040 14

40#225:e3ea9550-34ff-4801-99ff-4627efbb3510:1





## PROSTEN I SØRE SUNNMØRE , Den norske kyrkja

Volda kyrkjekontor  
Postboks 17  
6100 Volda

Telefon  
94 80 69 65  
48 89 41 97

E-mail: [prosten@volda.kyrkja.no](mailto:prosten@volda.kyrkja.no)

# HØYRING – SAMANSLÅING AV VOLDA OG HORNINDAL KOMMUNAR OG REGULERING AV BISPEDØMEGRENSE MELLOM MØRE OG BJØRGVIN.

Sommaren 2016 gjorde politikarane i Volda og Hornindal vedtak om å slå saman dei to kommunane. Ein slik samanslåing vil naturleg nok også få konsekvensar for kyrkja. Det vil vel vere rett å hevda at det politiske vedtaket kom som ein overrasking på mange, også oss i kyrkje, og ingen av oss fekk høve til å utreda saka på førehand.

Det tok ikkje mange dagane/timane før prosten i Søre Sunnmøre fekk dei første spørsmåla om korleis en «ny» kyrkje vil verte organisert. Spørsmåla kom frå lokalepressen knytt til Hornindal, og det ein var opptatt av, var om det kyrkjelege tilbodet til innbyggjarane i Hornindal ville verte endra etter kommunesamanslåinga.

Prosten i Søre Sunnmøre har ved fleire høve kontakta Møre bispedømekontor med ynskje om å få avklart spørsmål om kyrkjeleg organisering etter kommunesamanslåinga. Spørsmålet om presteressurs er sjølv sagt også av stor interesse. For å kunne halde oppe eit godt kyrkjeleg tilbod i Hornindal må Søre Sunnmøre prosti/ Volda fellelrådsområdet få tilført fleire ressursar.

I 2017 gjorde Stortinget sitt vedtak i samanslåingssaka. På dette tidspunkt hadde alt representantar frå fellesnemda for fellelråda i Hornindal og Volda hatt sitt første møte (Grodås 19.april) 2017). På dette møtet vart fellelrådet i Hornindal oppmoda om å drøfte si vidare tilknytning. Hornindal har (og har hatt) ei tett kyrkjeleg tilknytning til Stryn fellelråd, i form av felles stillingar, planar m.m. . Fellelrådet i Hornindal har likevel gjort det klart at dei vidare ynskjer å bli ein del av Volda fellelråd, Søre Sunnmøre prosti og Møre bispedøme. Prosten i Søre Sunnmøre støtter dette, og reknar samstundes med at presterressursen knytt til Hornindal (stipulert til 50%) vert overført til den nye fellelrådsområdet.

## Høyringsspørsmål

Dei spørsmål som er aktuelle for høyring er følgjande:

1. Med bakgrunn i endringane av regiongrensene ber ein om synspunkt på følgjande:
  - a) Skal bispedømet si grense følgje ny regiongrense?  
- eller
  - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?
2. Dersom grensa for Møre bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny regiongrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarende endring i prostigrensa for Søre Sunnmøre prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?
3. Andre kommentarar

## Prosten i Søre Sunnmøre gir følgjande svar på høyringa:

1 Møre bispedøme si grense skal følgje nye regionsgrenser. Hornindal vert ein del av Møre bispedøme.

2 Hornindal vert ein del av Volda fellesråd, og Søre Sunnmøre prosti.

3 Det er heilt avgjerande at Volda (NYE) fellesrådsområde får meir presteressursar. Ein ser for seg at 50% prestestilling vil vere passe når Volda fellesrådsområde vert utvida med Hornindal sokn.

MERK: I løpet av prosessen er det no også vedteke at Bjørke (Storfjorden) sokn vert ein del av Volda kommune og fellesrådsområde. Dette vil medføre at presteressurs vert flytta frå Ørsta fellesrådsområde til Volda.

På grunn av vidare planarbeid, og ein mogleg utlysing/ny tilsetjing, må saker knytt til presteressurs avklarast så snart som råd.

Volda 8.januar 2019,

Ingeborg Matre,  
Prost i Søre Sunnmøre



## VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2019/16
		Arkivkode:	C81, &13

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

### HØYRING TIL VOLDA KOMMUNE - SAMANSLÅING AV VOLDA OG HORNINDAL KOMMUNER OG REGULERING AV BISPEDØMEGRENSE MELLOM MØRE OG BJØRGVIN

#### Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap tilrår fylgjande:

1. Møre bispedømmeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.
2. Søre Sunnmøre Prosti si grense skal følgje ny bispedømegrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prosti.
3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prosti. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.

#### Vedleggsliste:

1. Skriv frå Møre bispedømmeråd d.s. 06.12.2018 vedkomande Høyring - samanslåing av Volda og Hornindal kommunar og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Bjørgvin
2. Kyrkjelova (<https://lovdata.no/lov/1996-06-07-31>)
3. KFNV 5/2018: Høyring – samanslåing av Volda og Hornindal kommunar og regulering av bispedøme mellom Møre og Bjørgvin.
4. Vedtak i Kyrkjeleg fellesnemnda for Nye Volda i saka

**Bakgrunn for saka :**

01.01.2020 vert Hornindal kommune del av (nye) Volda kommune, og vert då del av Møre og Romsdal fylke. Dette får konsekvensar for fylkesgrensa og då også for grensa mellom Bjørgvin bispedøme og Møre bispedøme. Det vil også få konsekvensar for prostigrensene.

**Saksopplysningar/fakta:**

Bjørgvin og Møre bispedømeråd førebur no sak knytt til justering av bispedømgrensa og har sendt saka over til høyring.

Volda kommune, Hornindal kommune er aktuell høyringsinstansar: Det er også Soknerådet i Hornindal, Fellesnemnda i nye Volda kommune, kyrkjeleg fellesnemnd i nye Volda med fleire.

Saka skal handsamast i Møre bispedømmeråd 8. februar og i Bjørgvin bispedømeråd 19. februar 2019 og i Kyrkjerådet 14. og 15. mars 2019. Dinest vert saka så sendt vidare til endeleg handsaming i Kulturdepartementet. Det vert lagt opp til at vedtak trer i kraft samstundes med kommunesamanslåinga 01.01.2020.

**Drøfting**

I høyringsbrevet vert ein beden om å ta stilling til følgjande:

1. Med bakgrunn i endringane av fylkesgrensene ber ein om synspunkt på følgjande:
  - a) Skal bispedømet si grense følgje ny fylkesgrense? - eller
  - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?

Fellesnemnda har tidlegare gjort prinsippvedtak om at «**retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre.**» Det vil såleis også vere naturleg å vidareføre praksis med at bispedømgrensene følgjer fylkesgrensene, og at bispedømgrensa vert endra i tråd med endring av fylkesgrensa. Dette er også det administrasjonen til Bjørgvin bispedømeråd innstiller på;

- at bispedømgrensa bør følgje den nye fylkesgrensa og at prostigrensa for Nordfjord prosti vert endra tilsvarende. Det betyr at Hornindal etter 2020 vil høyre til i Møre bispedøme og Søre Sunnmøre prosti.

2. Dersom grensa for Bjørgvin bispedøme og Møre bispedømme blir endra slik at ho følgjer ny fylkesgrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarende endring i prostigrensa for Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?

Som følgje av tilrådinga om at bispedømgrensa vert endra, vil det vere naturleg at også prostigrensene vert endra, slik at grensa mellom Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti også vert endra. Dette vil såleis bety at Hornindal etter 2020 vert del av Søre Sunnmøre prost, Møre bispedøme.

**3. Andre kommentarar**

Med bakgrunn i tilrådingane ovanfor legg rådmannen til grunn at dei ressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal, vert overført til Møre bispedøme, og vidare at Hornindal sine ressursar i Nordfjord prosti vert overført til Søre Sunnmøre prosti. Dette for å sikre ei framleis gode kyrkjeleg teneste for innbyggjarane i Hornindal.

Saka var handsama i Kyrkjeleg fellesnemnd i møte **7.januar KFNV sak 5/2018** der det vart gjort slikt vedtak;

1. Møre bispedømeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.
2. Søre Sunnmøre Prosti si grense skal følgje ny bispedøme grense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prosti.
3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prosti. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.

Fellesnemnda for Nye Volda gjorde same vedtaket i møtet 10.januar og rådmannen har ikkje andre merknader til saka.

**Økonomiske konsekvensar:**

Saka har ingen kjende økonomiske konsekvensar for den nye kommunen.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
ass.rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Møre bispedømmeråd  
Bjørgvin bispedømmeråd  
Kyrkjeleg fellesnemnd  
Hornindal kommune



## VOLDA KOMMUNE Rådmann

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POST» «POSTSTED»  
»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2019/15	679/2019	C81	ADM/ JOAROD	14.01.2019

### MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING TIL FELLESNEMNDA - SAMANSLÅING AV VOLDA OG HORNINDAL KOMMUNER OG REGULERING AV BISPEDØMEGRENSE MELLOM MØRE OG BJØRGVIN

Vi melder med dette frå at Fellesnemnda for nye Volda kommune den 10.01.2019, hadde føre ovannemnde som sak PS 4/19, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Møre bispedømeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.**
- 2. Søre Sunnmøre Prosti si grense skal følgje ny bispedøme grense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prosti.**
- 3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prosti.  
Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.**

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Joakim Rødven  
Volda kommune, samfunn og rådgjeving  
utvalssektretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:  
Asbjørn Moltudal

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2019/15
		Arkivkode:	C81, &13

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
4/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	10.01.2019

## **HØYRING TIL FELLESNEMNDA - SAMANSLÅING AV VOLDA OG HORNINDAL KOMMUNER OG REGULERING AV BISPEDØMEGRENSE MELLOM MØRE OG BJØRGVIN**

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. Fellesnemnda meiner at ein skal vidareføre praksis med at bispedøme grensene følgjer fylkesgrensene, og at bispedøme grensa vert endra i tråd med endring av fylkesgrensa.
2. Som følgje av tilrådinga om at bispedøme grensa vert endra, vil det vere naturleg at også prostigrensene vert endra, slik at grensa mellom Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti også vert endra. Dette vil såleis bety at Hornindal etter 2020 vert del av Søre Sunnmøre prost, Møre bispedøme.
3. Fellesnemnda legg elles til grunn at dei ressursar som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal, vert overført til Møre bispedøme, vidare at Hornindal sine ressursar i Nordfjord prosti vert overført til Søre Sunnmøre prosti. Dette for å sikre ei framleis gode kyrkjeleg teneste for innbyggjarane i Hornindal.

### **Handsaming:**

Utdeling av dokument: «KFNV 5/2018: Høyring – samanslåing av Volda og Hornindal kommunar og regulering av bispedøme mellom Møre og Bjørgvin.»

Utdeling av dokument: Vedtak i Kyrkjeleg fellesnemnda for Nye Volda i ovannemnde sak.

Margrete Bjerkvik med framlegg om å byte ut punkt 3 i administrasjonens framlegg til vedtak med den kyrkjelege fellesnemnda sitt vedtak i høyringsuttalen og gitt følgjande framlegg til vedtak:

1. *Møre bispedømeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.*

2. Søre Sunnmøre Prosti si grense skal følgje ny bispedømegrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prosti.
3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prosti.  
Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.

#### **Røysting:**

Det var 10 røysteføre i saka.

Bjerkviks framlegg til tilføyning til administrasjonen si tilråding fekk 10 røyster.

Resten av administrasjonen si tilråding samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 10.01.2019**

1. Møre bispedømmeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.
2. Søre Sunnmøre Prosti si grense skal følgje ny bispedømegrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prosti.
3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prosti.  
Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.

#### **Vedleggsliste:**

1. Skriv frå Møre bispedømmeråd d.s. 06.12.2018 vedkomande Høyring - samanslåing av Volda og Hornindal kommunar og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Bjørgvin
2. Kyrkjelova (<https://lovdata.no/lov/1996-06-07-31>)

#### **Uprenta saksvedlegg:**

#### **Bakgrunn for saka :**

01.01.2020 vert Hornindal kommune del av (nye) Volda kommune, og vert då del av Møre og Romsdal fylke. Dette får konsekvensar for fylkesgrensa og då også for grensa mellom Bjørgvin bispedøme og Møre bispedøme. Det vil også få konsekvensar for prostigrensene.

#### **Saksopplysningar/fakta:**

Bjørgvin og Møre bispedømmeråd førebur no sak knytt til justering av bispedømegrensa og har sendt saka over til høyring.



Volda kommune, Hornindal kommune er aktuell høyringsinstansar: Det er også Soknerådet i Hornindal, Fellesnemnda i nye Volda kommune, kyrkjeleg fellesnemnd i nye Volda med fleire.

Saka skal handsamast i Møre bispedømmeråd 8. februar og i Bjørgvin bispedømmeråd 19. februar 2019 og i Kyrkjerådet 14. og 15. mars 2019. Dinstert vert saka så sendt vidare til endeleg handsaming i Kulturdepartementet. Det vert lagt opp til at vedtak trer i kraft samstundes med kommunesamanslåinga 01.01.2020.

P.g.a. høyringsfristen er det vanskeleg å få fram alle dei lokale fråsegnene før handsaminga i Fellesnemnda. Rådsmannen vil samle dei ein har fått fram til møtet den 10. januar og legge dei fram på møtet (evt. ettersende).

## **Drøfting**

I høyringsbrevet vert ein beden om å ta stilling til følgjande:

- 1. Med bakgrunn i endringane av fylkesgrensene ber ein om synspunkt på følgjande:*
  - a) Skal bispedømet si grense følgje ny fylkesgrense? - eller*
  - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?*

Fellesnemnda har tidlegare gjort prinsippvedtak om at «**retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre.**» Det vil såleis også vere naturleg å vidareføre praksis med at bispedømegrensene følgjer fylkesgrensene, og at bispedømegrensa vert endra i tråd med endring av fylkesgrensa. Dette er også det administrasjonen til Bjørgvin bispedømmeråd innstiller på;

- at bispedømegrensa bør følgje den nye fylkesgrensa og at prostigrensa for Nordfjord prosti vert endra tilsvarende. Det betyr at Hornindal etter 2020 vil høyre til i Møre bispedøme og Søre Sunnmøre prosti.

- 2. Dersom grensa for Bjørgvin bispedøme og Møre bispedømme blir endra slik at ho følgjer ny fylkesgrense, vil bispedømmerådet foreslå tilsvarende endring i prostigrensa for Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?*

Som følgje av tilrådinga om at bispedømegrensa vert endra, vil det vere naturleg at også prostigrensene vert endra, slik at grensa mellom Nordfjord prosti og Søre Sunnmøre prosti også vert endra. Dette vil såleis bety at Hornindal etter 2020 vert del av Søre Sunnmøre prost, Møre bispedøme.


### *3. Andre kommentarar*

Med bakgrunn i tilrådingane ovanfor legg rådsmannen til grunn at dei ressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal, vert overført til Møre bispedøme, og vidare at Hornindal sine ressursar i Nordfjord prosti vert overført til Søre Sunnmøre prosti. Dette for å sikre ei framleis gode kyrkjeleg teneste for innbyggjarane i Hornindal.

## **Økonomiske konsekvensar:**

Saka har ingen kjende økonomiske konsekvensar for den nye kommunen.





# DEN NORSKE KYRKJE

## Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda

Postboks 17  
6101 VOLDA  
Tlf: 70074090  
kyrkjeverja@volda.kyrkja.no

Møre Bispedømeråd  
Moldetrappa 1  
6415 MOLDE

Volda kyrkjekontor den 10.01.2019  
Vår saksbehandler: JS  
Vår ref.: 18/00001-007  
Arkivkode: 022

### Svar på Høyring: Samanslåing av Volda og Hornindal kommunar og regulering av bispedøme grense mellom Møre og Bjørgvin

Samanslåinga av Hornindal og Volda kommunar har konsekvensar for kyrkjeleg inndeling. Normalordninga er at fellesrådsområdet følgjer kommunegrensa. Ved samanslåing av Hornindal og Volda kommunar vil det derfor vere mest nærliggande at Hornindal sokn vert eit sokn i Volda fellesrådsområde.

Ei tilleggsutfordring for kyrkjeleg inndeling og organisering er at Hornindal og Volda høyrer til kvart sitt bispedøme. Hornindal sokn må gjennom vedtak i bispedømeråda i Bjørgvin og Møre, Kirkerådet og Kulturdepartementet flyttast frå Bjørgvin til Møre.

Representantar for fellesråda i Hornindal og Volda hadde eit første møte på Grodås 19. april 2017 der konsekvensane av kommunesamanslåinga vart drøfta. Eit av spørsmåla som serleg vart drøfta var tilknytning til bispedøme og prosti. Hornindal fellesråd vart utfordra på å drøfte om dei ønskte å vidareføre tilknytninga til Bjørgvin bispedøme og Nordfjord Prost. Ei ordning som ville avvike frå normalordninga, men som ville vere mogleg å kjempe fram og organisere dersom ein hadde eit sterkt lokalt engasjement. Svaret frå Hornindal var at ein såg det som naturleg å følgje normalordninga å bli ein del av Volda fellesråd, Søre Sunnmøre Prost og Møre bispedøme.

Etter dette møte har fellesrådet i Volda og etter kvart Kyrkjeleg fellesnemnd etterlyst ei avklaring av ny kyrkjeleg inndeling hos både Møre bispedømeråd og Kirkerådet. Det er viktig å få dette formalisert slik at det er samsvar mellom organiseringa av Nye Volda fellesråd og ny kyrkjeleg inndeling for Hornindal. Det er derfor grunn til å sjå fram til at no er lagt opp til at dei naudsynte vedtaka vert gjort i bispedømeråda, Kirkerådet og Kulturdepartementet i første kvartal 2019.

Som ein del av prosessen fram til vedtak om regulering av bispedøme grensa har Møre bispedømeråd sendt ut framlegget til grensejustering på høyring til mellom anna Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda.

I høyringsbrevet vert fellesnemnda beden om å svare på følgjande:

1. Med bakgrunn i endringane av regiongrensene ber ein om synspunkt på følgjande:

- a) Skal bispedømet si grense følgje ny regiongrense? - eller
- b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?

2. Dersom grensa for Møre bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny regiongrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarande endring i prostigrensa for Søre Sunnmøre prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?

### 3. Andre kommentarar

Med bakgrunn i dei tidlege drøftingane mellom fellesråda i Hornindal og Volda finn ser vi ikkje at det ligg føre grunner til å fråvike normalordninga for kyrkjeleg inndel ved denne kommunesamanslåinga. I arbeidet i Kyrkjeleg fellesnemnd frå 2018 har vi lagt til grunn at Hornindal sokn skal vere ein del av Volda fellesrådsområdet og høyre til Søre Sunnmøre Prostie og Møre Bispedømeråd. Dei formelle vedtaka om justering av grensene for Søre Sunnmøre Prostie og Møre Bispedøme må følgje opp dette.

Grensejusteringa får òg følgjer for fordelinga av presteressursane mellom Bjørgvin og Møre bispedøme. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at dei ressursar som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prostie. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.

**Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda har følgjande svar på høyringa:**

- 1. Møre bispedømeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.**
- 2. Søre Sunnmøre Prostie si grense skal følgje ny bispedømegrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prostie.**
- 3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prostie. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.**

Beste helsing



Jostein Stråbø  
kyrkjeverje/prosjektleder



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	410	18/05420-5	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.02.2019

Regulering av bispedømmegrense mellom Nidaros og Møre bispedøme.  
Overføring av Halså sokn til Heim kyrkjelege fellesråd

## Vedlegg:

SV\_ Dokument 18\_05420-1 Høyring - nye Heim fellesråd og regulering av bispedømmegrense mellom Møre og Nidaros sendt fra en enhet i Den norske kirke  
Høyring - endring av bispedømmerådsgrensar

## Høyring - Endring av bispedømmegrensar i Møre bispedøme

### Bakgrunn for saka

På bakgrunn av kommune- og regionreforma har Stortinget gjort formelle vedtak om endringar i kommunestrukturen i Møre og Romsdal. Det er gjort vedtak som får konsekvensar for grensene mellom Møre og Romsdal og Trøndelag fylker.

I følgje Kyrkjelova § 5 skal det være eit kyrkjeleg organ på kommunenivå. Dette vil medføre at grensene for noverande fellesråd lyt justerast. Dei vedtekne endringane i kommunestrukturen og vedtak om grensereguleringer mellom fylka vil virke direkte inn på bispedømmegrensa og på prostigrensene for Indre Nordmøre prosti.

Endringane i kommunegrensene får konsekvensar for Halså sokn frå 1/1 2020. Soknet blir då etter innføring av nye kommunegrensar lagt til Heim kyrkjelege fellesråd.

Møre bispedømeråd gjorde i sak 41/18 vedtak om at forslag til endring av prosti og bispedømmegrensar skal sendast på høyring til aktuelle høyringsinstansar etter at naudsynte vedtak er gjort av Storting, regjering, departement og fylkesting.

Høyringsbrevet blei sendt ut 5. desember.

Høyringsdokumentet vil bli sendt til følgjande involverte instansar i Møre bispedøme:

- Sokneråd i Halså
- Kyrkjeleg fellesråd i Halså
- Halså kommune
- Fellesnemda i Heim Kommune
- Kyrkjeleg fellesnemnd i Heim kommune
- Møre og Romsdal fylke

- Prosten i Indre Nordmøre
- Fagorganisasjonane i begge arbeidsgivarlinjer

### **Handsaming av høyrings­sv­ar**

Høyringsinstansane har hatt frist til å svare 18. januar. Kontaktmøtet mellom Møre bispedøme og arbeidstakarorganisasjonane finn stad dagen før bispedømerådsmøtet. Administrasjonen vil referere munnleg frå dette møtet si handsaming av saka.

Kyrkjerådet vil handsame saka i sitt møte 14 -15. mars og vil sende saka til endeleg avgjerd i departementet.

Desse har gitt høyringsuttale

- Prosten i Søre Sunnmøre prosti
- Fagforbundet TeoLOgene

### **Berre endring av bispedøme­grenser**

Denne høyringa gjeld berre regulering av bispedøme­grensa mellom Møre og Nidaros. Møre bispedømeråd vil på eit seinare tidspunkt ta stilling til om prostiinndelinga skal endrast.

### **Høyrings­spørsmål**

Dei spørsmål som er aktuelle for høyring er følgjande:

1. Med bakgrunn i endringane av region­grensene ber ein om synspunkt på følgjande:
  - a) Skal bispedømet si grense følgje ny region­grense? - eller
  - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkes­grense?
2. Dersom grensa for Møre bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny region­grense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarende endring i prosti­grensa for Indre Nordmøre prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?
3. Andre kommentarar

### **Oppsummering av høyringsvara**

Dei to høyringsuttalane seier ja til samanfallande bispedøme­grense og region­grense. Dei svarar også ja på spørsmålet om at grensene for Indre Nordmøre blir regulert tilsvarende.

### **Forslag til vedtak**

- 1) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om at bispedømet si grense skal følgje region­grensa mellom Møre og Trøndelag.
- 2) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om tilsvarende endring av prosti­grensa for Indre Nordmøre prosti.

Sjølv om endring ikkje blir gjennomført med verknad før 1. jan 2020, vedtar bispedømerådet at kyrkjevalet 2019 blir gjennomført som om endring alt har skjedd.

**Fra:** Sindre Stabell Kulø <Sindre.Stabell.Kulo@kristiansund.kommune.no>  
**Sendt:** 18. januar 2019 10:05  
**Til:** Møre-bdr  
**Kopi:** teOLOgene  
**Emne:** Høring - endring av bispedømmerådsgrånså  
**Vedlegg:** Høring vedrørende endring i bispedømmets grånså.pdf

Til  
Møre bispedømmeråd

Kopi  
Fagforbundet TeOLOgene

Jeg viser til brev av 6.12.18, og oversender høringssvar fra Fagforbundet TeOLOgene



**DEN NORSKE KIRKE**  
Soknepresten i Frei

Sindre Stabell Kulø  
Sokneprest i Frei menighet, Ytre Nordmøre prosti

**Fra:** Leif Endre Grutle <leif.endre.grutle@kirken.tingvoll.no>  
**Sendt:** 28. desember 2018 15:49  
**Til:** Møre-bdr  
**Emne:** SV: Dokument 18/05420-1 Høyring - nye Heim fellesråd og regulering av bispedøme grense mellom Møre og Nidaros sendt fra en enhet i Den norske kirke

## Høyringsvar

Prosten i Indre Nordmøre takkar for høvet til å kome med uttale i samband med evt. regulering av bispedøme grense etter at nytt fellesrådsområde kjem på plass samstundes med at Heim kommune blir skipa 01.01.2020.

I høyringsbrevet skriv ein m.a. «Når Halså kommune blir ein del av Trøndelag fylke reiser spørsmålet seg om justering av bispedøme grensa mellom Møre og Nidaros bispedøme.» Dette er ikkje korrekt, og kan ikkje nyttast som premiss i denne saka. Det som skjer er at Halså kommune sluttar å eksistere ved utgangen av 2019, og det geografiske området som tidlegare var Halså kommune blir ein del av Heim kommune. Det er denne nyskipa kommunen som blir ein del av Trøndelag fylke. I teorien kan ein tenke seg at sokn innan same fellesrådsområde høyrer til ulike bispedøme (og dermed ulike prosti), men dette framstår som svært lite hensiktsmessig, og vil potensielt kunne føre til meiradministrasjon som både er uheldig og ikkje naudsynt. Alle sokna i Heim nye fellesrådområde bør derfor høyre til same bispedøme.

Når det i tillegg er avgjort at den nye kommunen skal ligge under Trøndelag fylke, og den største delen av området som utgjør Heim allereie no er del av Nidaros bispedøme, er det vanskeleg å tilrå noko anna enn at Halså sokn også blir ein del av dette bispedømet frå 01.01.2020.

Justering av grensene for Indre Nordmøre prosti vil då gje seg sjølv, då desse vil måtte fylgje ny bispedøme grense.

Helsing  
Leif Endre Grutle

---

**Leif Endre Grutle**  
Prost  
Indre Nordmøre prosti  
71 53 01 23 / 976 29 150  
prost@kirken.tingvoll.no

**Fra:** noreply@kirken.no  
**Sendt:** 6. desember 2018 21:35  
**Til:** Leif Endre Grutle  
**Emne:** Dokument 18/05420-1 Høyring - nye Heim fellesråd og regulering av bispedøme grense mellom Møre og Nidaros sendt fra en enhet i Den norske kirke



Prosten i Indre Nordmøre

Dokumentet **18/05420-1 Høyring - nye Heim fellesråd og regulering av bispedøme grense mellom Møre og Nidaros** for saken **MØRE BISPEDØME - SAMANSLÅING AV SNILLFJORD, HEMNE OG HALSA FELLESRÅD OG REGULERING AV BISPEDØMEGRENSE MELLOM MØRE OG NIDAROS** er sendt fra en enhet i **Den norske kirke**. Se vedlegget for innholdet i utsendelsen.

*Dette er en systemgenerert e-post, og skal ikke besvares.*



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	700	18/05679-4	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.02.2019

## Satsing på kyrkja sitt diakonale samfunnsansvar - fordeling av diakonimidlar

### Vedlegg:

Satsing på kirkens diakonale samfunnsansvar  
 Diakonimidler  
 FW\_ Satsing på kirkens diakonale samfunnsansvar

### Saksorientering

I samband med statsbudsjettet fekk Den norske kyrkja tildelt 14 millionar kroner til satsing på diakonimidlar. Rådgivar diakoni og administrasjonen ved bispedømekontoret har vendt seg til Kyrkjerådet ved to høve for å gi til kjenne synspunkt på fordeling av midlane til bispedøma og for å gi innhald til noko av det diakonale samfunnsansvaret kyrkja i Møre står framfor.

Rådgivar diakoni tar i sitt innspel (17.des 2018) til administrasjonen i KR v/Guro Kristin Hellgren til orde for å fordele statstilskotet likt mellom bispedøma, og at vi i Møre bispedøme går inn for å bruke bispedømet sin del av tilskotet til å opprette nye diakonstillingar. Rådgivar diakoni nemner 3 stader i bispedømet der behovet for å styrke diakoniarbeidet har fått særleg fokus. Områda er nye Hustadvika fellesrådsområde og Herøy fellesrådsområde. Vidare peikar rådgivar diakoni på at det er behov for å arbeide meir strategisk med diakonale spørsmålsstillingar på prostinivå og nemner Nordre/Austre Sunnmøre som aktuelt område for slik satsing.

Fungerande stiftsdirektør gav i sitt innspel til Kyrkjerådet i brev av 19.des. 2018, uttrykk for samanfallande synspunkt med rådgivar diakoni. Administrasjonen gav uttrykk for å dele tilskotet likt mellom bispedøme og setje av ein sentral pott til prosjektstøtte. Administrasjonen viste til tidlegare tildelingskriterier som har gitt tilskot til nokre bispedømer og ikkje til andre, og det uheldige at bispedømet i neste omgang lyt rapportere på felt/områder der ein ikkje har hatt høve til å satse. Administrasjonen støttar at større del av diakonale tilskot blir prioritert til strategisk arbeid, og løfta litt ut over tiltak på soknenivå. Vidare vil gjerne administrasjonen gå inn for å la diakonale midlar bli «fødselshjelp» til viktige diakonale satsingar i bispedømet og ein ønskjer å styrkje dialogarbeidet i bispedømet. Dei diakonale satsingsområda før Møre bispedøme blei sett opp i 4 punkter:

1. Alle prosti må ha diakon.
2. Alle nye samanslåtte kommunar må ha diakon.
3. Møre bispedømme vil gi hjelp til etablering og vere samarbeidspartner til diakonale organisasjonar og institusjonar som ønskjer å etablere arbeid i bispedømet. (eks. Kirkens Bymisjon).
4. Nye diakonstillingar vil bli prioritert inn mot dialogarbeid og inkludering.

Administrasjonen er kjent med at lik bispedømevis fordeling av dei diakonale midlane er problematisert og at innstillinga før handsaming i Kyrkjerådet har gått inn for ei fordeling av

midlane etter folketal i dei einskilde bispedøma. Ved ei slik fordeling blir delen som fell på Møre bispedøme redusert og det blir uråd å nå målsetjingane som administrasjonen og rådgivar har gitt uttrykk for. Ved fordeling etter folketal kan Møre bispedøme truleg greie å bidra til at det blir oppretta to nye diakonistillingar, slik at kommune/fellesråd og bispedømeråd gjennom ein prosjektperiode forpliktar seg til å betale 50% løn kvar.

### **Forslag til vedtak**

Dersom fordeling av diakonimidlar i Kyrkjerådet gir økonomisk dekning, gir Møre bispedømeråd bispedømerådsadministrasjonen fullmakt til å opprette to diakon-stillingar frå 1. juli 2019, innanfor områda som er nemnde i saksframstillinga. Møre bispedømeråd fullfinansierer stillingane for inneverande år, og gir tilskot inntil 50% løn i stillingane, mot at kommune/fellesråd/organisasjon betaler resten av løns- og driftskostnadane i ein prosjektperiode på minst 3 år.

**Fra:** Toril Elin Holm  
**Sendt:** 17. desember 2018 13:22  
**Til:** Guro Kristin Hellgren  
**Kopi:** Arvid Helle  
**Emne:** DIAKONIMIDLER  
**Vedlegg:** Diakonar. Navn og kontaktinfo nov 2018.xlsx

**Oppfølgingsflagg:** Flag for follow up  
**Status for flagg:** Flagget

Hei Guro

Her er en oversikt over de fleste diakonstillingene i Møre. Jeg tror det er 17 hele stillinger. Ut fra det jeg tror og erfarer mangler det to diakoner/diakoniarbeidere her. Det skal jeg sjekke ut av, -så kan jeg sende en oppdatert liste senere denne uken. Alle stillingene i Møre har 50 % tilskudd fra bispedømmet. Og 50 % er kommunalt finansiert. Det er ikke pr dags dato stillinger knyttet til prosjekt.

Vi har noen områder som har god diakonalfaglig dekning, men si andre områder er denne betydelig dårligere. Det er tid for kommunesammenslåinger og i kjølvannet av dette blir det ingen diakonstillinger i austre sunnmøre prosti.

Vi hadde inntil nylig et kirke-helse prosjekt i Indre Nordmøre prosti; i Surnadal kommune. Her var det prosjektmidler aktivert. Jeg er litt usikker på om prosjektperioden er over eller om den går ut 2018. *Samhandling på siste vakt* - <https://www.fylkesmannen.no/nb/More-og-Romsdal/Helse-omsorg-og-sosialtjenester/Omsorgstjenester/Omsorgsprisen-2017-gjekk-til-Surnadal-kommune/>  
<https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/more/aktuelt/omsorgsprisen-til-diakonalt-samhandlingsprosjekt/>

Jeg har hatt et møte med fungerende stiftsdirektør i Møre; Arvid Helle (eg. avd.leder kyrkjelivsavdelinga hos oss) nå i formiddag:

Vi har noen punkt som vi ønsker kan formidles til møte med stiftsdirektørene og i møte med Ledelsen i Kirkerådet:

- Vi ønsker at midlene skal fordeles jevnt til alle bispedømmene
- De som ingenting har skal nå få en sjans; med friske diakonmidler ønsker vi NYOPPRETTEDE DIAKONSTILLINGER:
  - Hos har vi i alle fall tre fellesrådsområder der behovet om diakonal kompetanse har vært ønsket, jobbet for og kartlagt over tid, samt vært aktualisert i visitaser over flere år: Dette gjelder
    - Hustadvika kommune (Ny kommune fra 2020; sammenslåing av Fræna og Eide kommune)
    - Herøy kommune
    - Og om mulig en prostistilling på Nordre sunnmøre.
- Vi ønsker at områdene dialog(ev dialogsenter), integrering, arbeidstrening/språkverksted, og fokus mot ungdom skal integreres og være en del av stillingsbeskrivelsene til ev nye stillinger.
- Det er også med i vår vurdering at det kan være behov for en mer strategisk arbeidsmetode for å fremme diakonien i prostiene. Diakoni skal ikke bare være nært og kjær, men også aktualiseres i refleksjon og debatt på et høyere nivå.

Dette for å tydeliggjøre diakoniens samfunnsansvar.

- Disse punktene betyr ikke at vi ikke ønsker at noe av midlene skal kunne brukes sentralt på diakoni. Vi har bare ikke snakket om det på møtet i dag, så har ikke konkrete henstillinger til det her. Ev denne at det som blir fordelt sentralt skal være en pott som bispedømmene kan søke av.

Jeg ønsker lykke til for å legge til rette og medvirkning til bruk av disse tiltrengte midlene.

Jeg ber om at detaljer om hvilke ev kommuner vi ser for oss pr i dag ikke blir sendt videre og offentliggjort, da dette bare kom frem internt her, men likevel er bygd på erfaring fra møter med menighetene og kommunene.

Stiftsdirektør har ikke sendt ut noen e-post til alle kirkeverger enda.

Vi vurderer å gjøre det i løpet av uken, men da med en litt annen ordlyd enn den fra stiftsdirektør i Nidaros.

LYKKE TIL OG GOD FØRJULSUKE TIL DEG <3

Med vennlig hilsen

*Toril Elin Krakeli Holm*

Vikar som rådgiver i diakoni

Møre bispedømme

Moldetrappa 1

6415 Molde

Telefon: 71250685

Mobil: 47024810

[more.bdr@kirken.no](mailto:more.bdr@kirken.no)

**Fra:** Arvid Helle  
**Sendt:** 19. desember 2018 10:27  
**Til:** Jan Rune Fagermoen  
**Kopi:** Guro Kristin Hellgren; Ingeborg Midttømme; Ann-Kristin Sørvik; Toril Elin Holm  
**Emne:** Satsing på kirkens diakonale samfunnsansvar

## Til Kyrkjerådet v/adm.dir. Jan Rune Fagermoen

Møre bispedømme takkar for høvet til å gi uttrykk for Møre bispedømme si vurdering av korleis vi best kan bruke dei 14 mill. som i budsjettforliket er stilt til disposisjon til diakonale tiltak i kyrkja.

### Fordeling mellom bispedøma

Tidlegare tildeling og fordeling av «friske» diakonimidlar gjekk i stor grad til etablering av dialogsenter. Tildelingskriteria den gongen var slik at midlane gjekk til ein del av bispedøma. Møre var ikkje ein av desse. I ettertid er det nok uttrykt ei forventning til at Møre og alle andre bispedømme skal ha etablert dialogarbeid. Det er nok opplevd som ei utfordring at bispedømmet vårt skal levere på nye fagområder og nye fagfelt, sjølv om bispedømmet har andre rammevilkår for å satse på fagfeltet enn dei bispedømme som har fått ressursar til eit slikt fokus. Når Guro Hellgren no tar til orde for at midlane som kyrkjerådet har til disposisjon, skal fordelast med ein mill. til kvart bispedøma, støttar Møre ei slik fordeling. Dei 3 millionane som er att bør bli sett av til prosjektmidlar som det einskilde bispedømmet kan søkje på.

### Behova i Møre

Landskap og diakonale utfordringar varierer stort i bispedøma. Det som er aktuelt ein stad, treng mindre fokus ein annan stad. Møre bispedømme støttar likevel tanken på bruke ein større del av diakonale ressursar på prostinivå og at det diakonale fokus blir løfta litt utover tiltak på soknenivå. I tillegg treng mange av kyrkjelydane som ikkje har eigen diakon, hjelp og rettleiing til å utvikle eigne diakoniplanar. Møre bispedømme er medviten om kyrkja sitt samfunnsansvar og ser det som viktig å gi «fødselshjelp» til viktige diakonale satsingar. Møre bispedømme la grunnlaget for at «Kirkens Bymisjon» kunne etablere seg i Ålesund, ved å bruke å bruke tilskotsmiddel frå OVF i tre år. Bispedømerådet ønskjer å gå saman med fleire andre gode diakonale institusjonar og bidra til satsing andre stader i bispedømmet. Fagfelte ungdom og utanforskap, kyrkje og helse, og fokus på skaparverk og miljøengasjement er aktuelle diakonale områder der vi treng styrke eigen innsats. Vi tenkjer også å gi dialogarbeidet større fokus enn det vi har greidd til no, ved å styrke den diakonale innsatsen i dei områder i bispedømmet der dette er mest aktuelt. Og til slutt vil vi gjerne møte ein del av dei diakonale utfordringane som no blir synlege når mange mindre kommunar finn saman i større einingar.

Sett opp punktvis, er Møre bispedømme sine diakonale behov uttrykt i punkta under:

1. Alle prosti må ha diakon
2. Alle nye sammenslåtte kommunar må ha diakon
3. Møre bispedømme vil gi hjelp til etablering og vere samarbeidspartner til diakonale organisasjonar og institusjonar som ønskjer å etablere arbeid i bispedømmet. (eks. Kirkens Bymisjon).
4. Nye diakonstillinger vil bli prioritert inn mot dialogarbeid og inkludering.

Vi vil på kort tid kunne starte dialog med aktuelle kommunar og andre samarbeidspartnarar om finansiering og innhald i stillingar/prosjekt. Og vi trur at vi kan greie å etablere eit arbeid i løpet av 2019 som er langsiktig og forankra!

Gode helsingar

*Arvid Helle*

fung.stiftsdir./avd.leiar kyrkjeliv  
Møre Bispedømme  
Moldetrappa 1  
6415 Molde  
Telf: 71250682  
Mobil 41216956

**Fra:** Arvid Helle  
**Sendt:** 18. desember 2018 12:46  
**Til:** Ingeborg Midttømme  
**Emne:** FW: Satsing på kirkens diakonale samfunnsansvar

---

**From:** Jan Rune Fagermoen  
**Sent:** Thursday, December 13, 2018 6:21 PM  
**To:** Stiftsdirektører  
**Cc:** Ingrid Vad Nilsen  
**Subject:** Satsing på kirkens diakonale samfunnsansvar

Hei

Vi har tidligere tatt opp og drøftet tildelingen i statsbudsjettet til dette formålet, og dere har vært oppfordret til å jobbe med forslag til innhold.

I møtet i Kirkerådet før helgen om budsjett ble det bestemt at vi må komme tilbake til Kirkerådet med et forslag til hvordan disse midlene skal disponeres.

For oss som jobber i Kirkerådet innebærer dette at vi må ha en sak klar rett over nyttår.

Jeg ber derfor om at de av dere som ikke har sendt meg noe på dette enda sender meg det dere ønsker å foreslå **innen onsdag 19.12 kl 12.00.**

Vi foretar en kartlegging av situasjonen på diakonifeltet hos dere gjennom diakoniseksjonen hos oss, og dette vil danne grunnlag for et forslag om hvordan fordele midler.

Synspunkter på hvordan vi kan få til et strategisk riktig og viktig løft med disse midlene er viktige.

Fordi vi tror det kan bli vanskelig å finne midler fra kommuner/fellesråd for 2019 vurderer vi å kunne gi tilskudd på 100% av stilling fra ca 1.7.2019, under forutsetning av bindende avtale med kommune/fellesråd/menighetsråd om 50%finansiering fra 2020. Vi ønsker også en vurdering av om prosti-diakoner er en aktuell satsing, eller om det er menighetsdiakoner som er behovet (og hvordan da sikre strategisk bruk av tilskuddet?). Også ønsker/forslag til tiltak som ikke er diakon-stillinger, men følger av overskriften er bra.

Mvh

Jan Rune



**DEN NORSKE KIRKE**

Møre Avdeling for personal og administrasjon

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Silvia Slenes Andersen	421	17/00414-97	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
9/19	Møre bispedømmeråd 2016-2019	08.02.2019

## Orienteringssaker 08.02.2019

**Vedlegg:**

Ovf sitt møte med Møre bispedømmeråd 10. januar 2019.

Foiler fra Ovf sitt møte med Møre bispedømme 10. januar 2019

Ovf sin oversikt over boliger og rekrutteringsboliger av 10. januar 2019

**Saksorientering**

Skriv inn teksten her.

**Forslag til vedtak**

Skriv inn teksten her.

**Fra:** Alice Elnes  
**Sendt:** 15. januar 2019 10:46  
**Til:** Silvia Slenes Andersen  
**Emne:** Ovf sitt møte med Møre bispedømmeråd 10. januar 2019.  
**Vedlegg:** Foiler fra Ovf sitt møte med Møre bispedømme 10. januar 2019.pptx; Ovf sin oversikt over boliger og rekrutteringsboliger av 10. januar 2019.xlsx

[Kan du opprette en sak på denne og legge dette inn som en orienteringssak til neste bdr møte?](#)

---

**From:** Anne Stine Eger Mollestad  
**Sent:** Thursday, January 10, 2019 9:45 PM  
**To:** Alice Elnes ; 'Ann-Kristin Sørvik'  
**Cc:** Knut Berg  
**Subject:** Møte Møre bd 10.1.2019

Hei igjen!

Tusen takk for veldig hyggelig, konstruktivt og bra møte!

Jeg sender som avtalt foilene jeg gjennomgikk mht boligordningen. Jeg vedlegger videre oversikt over boliger i Møre bispedømme med kommentarer knyttet til om det skal være rekrutteringsbolig eller ikke. For 4 av eiendommene har jeg lagt inn usikkerhet. Vi tar stilling til behov i forbindelse med presteskifte/ ansettelse av prest.

Som sagt under møtet er det også viktig at dere tar kontakt om dere mener det er behov for bolig i rekrutteringsøyemed også for andre områder enn de vi nå har blitt enige om. Erfaring så langt viser jo at behovet er langt mindre enn forventet, men samtidig må dere ikke nøle med å benytte den ordningen som er vedtatt.

Vi er her for å hjelpe dere.

Beste hilsen Anne Stine



**Anne Stine Eger Mollestad** Eiendomsdirektør


Tlf 23 08 15 65 mobil +47 934 800 96 ✉ [asem@ovf.no](mailto:asem@ovf.no)

**Opplysningsvesenets fond** Rådhusgata 1-3, Postboks 535 Sentrum, 0105 Oslo

[www.ovf.no](http://www.ovf.no)

# BOLIGORDNING OG KULTURMINNER – STATUS FOR MØRE

Anne Stine Eger Møllestad,  
Eiendomsdirektør Ovf  
10. januar 2019



# Boligordning

- Prester som bor i Ovf bolig etter den tidligere boplikten vil ha en borett så lenge de er i sin stilling
- Bispedømmerådet skal ved presteskifte melde behov for rekrutteringsbolig til Ovf dersom de reelt mener at kvalifiserte søkere til en prestestilling ikke vil melde seg uten at arbeidsgiver tilbyr tjenestebolig.
- Ovf skal kun stille med bolig der det ikke er velfungerende boligmarkeder.
- Ved vurdering av behov for rekrutteringsbolig, vil boligmarkedet i et bredere geografisk område vurderes.
- Er det et velfungerende boligmarked et stykke kjørevei fra hovedarbeidsplass, vil dette vektlegges ved vurderingen av behov.
- Ved hvert presteskifte skal spørsmålet om det foreligger et velfungerende boligmarked vurderes konkret av Ovf.
- Bispedømmerådet kan i medhold av rundskrivet bringe denne avgjørelsen inn for departementet dersom rådet ikke er enig i Ovfs vurdering.

Før saken bringes inn for departementet søkes saken løst i samråd med Kirkerådet



**Opplysningsvesenets  
fond**

# Boligordning

- Bispedømmene kan ikke ved utlysning av prestestilling annonsere med tjenestebolig og leiepris uten at Ovf på forhånd i den konkrete sak skriftlig har godkjent at fondet er forpliktet til å stille med bolig og har satt en markedspris på leie.
- Bispedømmene må snarest gi beskjed til Ovf om endringer ved stillingen som tidspunkt for tiltredelse osv.
- Fondet skal videre umiddelbart orienteres om presten likevel ikke ønsker å benytte seg av rekrutteringsboligen.
- Ovf står i disse tilfellene fritt til å disponere boligen som fondet ønsker.
- Ovf kan leie ut boligen eksternt med minimumstid på 1 års leietid, før bispedømmet igjen kan tre inn i leiekontrakt
- Ønsker bispedømmet å holde boligen tilgjengelig for prest, er bispedømmet forpliktet til å betale leie til Ovf.



**Opplysningsvesenets  
fond**

# Boligordning

- Valg av tjenestebolig skal skje i lys av den enkelte prestens behov og familiesituasjon.
- Prestens boligbehov når han eller hun har tjenestebolig etter denne ordning kan tas opp til vurdering dersom det foreligger forhold som tilsier at –prestens boligbehov endres vesentlig.
- Leieavtalen skal inngås mellom presten og bispedømmerådet etter Ovfs standard.
- Prestens husleie skal følge normal markedspris på stedet.
- Ved ny utleie av samme bolig, skal Ovf gjøre en konkret vurdering av hva markedsprisen nå utgjør.
- Hvis bispedømmene går under de avtalte husleiene, etter forhandlinger med presten, er det en differanse som bispedømmet må dekke.
- Ved fristillelse av bolig står Ovf fritt til å disponere boligen slik fondet anser best.



**Opplysningsvesenets  
fond**

# Andre boliger

- Boliger som ikke inngår i boligordning, men som besittes av Ovf, kan etter nærmere avtale med bispedømmet eller den enkelte prest, leies av Ovf.
- Det forutsetter at boligen er tilgjengelig for utleie.
- Boligen leies ut til markedspris.
- Leien presten direkte, betales depositum iht standard leiekontrakt.
- Prester vil ikke har fortrinnsrett til boligen om den allerede er leid ut til andre.
- Leiekontrakten vil være oppsigelig.



**Opplysningsvesenets  
fond**

Overskt boliger i Møre bispedømme			
Prestegårdsnummer	Prestegård	Boligstatus	Vurdering av boligordning
322	SANDE PRESTEGARD	Ekstern utleie	Rekrutteringsbolig
324	ULSTEIN PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Utgår
325	ØRSTA PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Utgår
326	VOLDA PRESTEGARD	Ekstern utleie	Utgår
327	HJØRUNDFJORD PRESTEGARD	Ikke utleid	Utgår, men kulturminne
328	SUNNYLVEN PRESTEGARD	Ikke utleid, pga rehabilitering	Utgår
330	STRANDA PRESTEGARD	Ikke utleid, pga rehabilitering	Rekrutteringsbolig, mulig kulturminne
331	ØRSKOG PRESTEGARD	Ikke utleid, pga rehabilitering	Rekrutteringsbolig
333	BORGUND PRESTEGARD	Ekstern utleie	Utgår
334	GISKE PRESTEGARD	Ikke utleid, pga forestående salg	Solgt
336	VESTNES PRESTEGARD	Ekstern utleie	Utgår
338	GRYTTEN PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Utgår
339	NESSET PRESTEGARD	Ikke utleid, pga forestående salg	Solgt som kulturminne
341	BOLSØY PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Utgår
342	AUKRA PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Utgår
343	FRÆNA PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Utgår
344	BUD PRESTEGARD	Ekstern utleie	Mulig rekrutteringsbolig, pt bor prest i Molde
345	KVERNES PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Utgår, men kulturminne
347	HALSA PRESTEGARD	Ikke utleid	Solgt
348	AURE PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Usikkert om rekrutteringsbolig, tar stilling ved presteskifte
350	ØRE PRESTEGARD	Prest, ny ordning	Rekrutteringsbolig
351	TINGVOLL PRESTEGARD	Ikke utleid, pga rehabilitering	Rekrutteringsbolig og kulturminne
353	SUNNDAL PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Usikkert om rekrutteringsbolig, tar stilling ved presteskifte
354	STANGVIK PRESTEGARD	Ikke utleid, pga rehabilitering	Utgår



355	SURNADAL PRESTEGARD	Prest, gml ordning	Utgår, BD positiv til at den kan selges til prest
356	RINDAL PRESTEGARD		Rekrutteringsbolig, men overføres Nidaros
772	Haram nye	prest gml ordning	Utgår om 3-4 år når nye vei er på plass. Avvente salg til veien kommer.
810	Neset nye		Rekrutteringsbolig
879	Vanylven nye		Rekrutteringsbolig
899	Møre nye bispebolig		Rekrutteringsbolig, egen ordning
940	Norddal nye		Rekrutteringsbolig
988	Smøla		Mulig rekrutteringsbolig, kan evt pendle fra Kristiansund. Avventer ansettelse
kommunal	Eide		Utgår. Vurderes ved fremtidig tilsetting

**DEN NORSKE KIRKE**

Møre bispedømeråd

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	131	17/06414-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
67/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	15.12.2017

## Bruk av OVF-midler 2018

### Saksorientering

Deler av utbytte frå Opplysningsvesenets fond er fordelt mellom bispedøma etter sentralt vedteken fordelingsnøkkel. I førebels tildelingsbrev for 2018 er Møre bispedøme sin del av midlane på kr. 502 000. Dette er om lag same sum som i 2017.

Delen av utbytte som er Møre bispedømeråd sin del, har tidlegare år blitt fordelt gjennom eige vedtak i Møre bdr.

For 2017 var tildelinga på kr 512 000. då blei midlane fordelt slik:

Tilskott etter søknad, søknadsfrist 1. desember	220 000
Tilskot som del av løn til misjonsrådgivar	220 000
Disponibel sum for å styrke reformasjonsfeiringa i Møre bispedøme	72 000

Nytt frå inneverande år, er at midlane frå OVF ikkje lenger er tilskotsmidlar, men driftsmidlar. Det betyr at Møre bispedøme står friare til korleis tildelinga skal brukast.

Bispedømerådet har vedtatt at samarbeidsavtalen med SMM blir vidareført, tildeling skjer etter same praksis som i andre bispedømme, og vil at tildelinga skal nyttast til å dekke 50% av stillingsdelen til misjonsrådgivar, med om lag same kronesum som i fjor.

Administrasjonen ønskjer som før å bruke deler av midlane til særlege tiltak i bispedømet. Slik som ein i fjor nytta midler frå OVF til å styrkje reformasjonsmarkeringane, vil administrasjonen bruke ein del av midlane til særlege og prioriterte tiltak/prosjekt. Aktuelle tiltak går fram av administrasjonen sitt budsjett. For 2018 utgjør summen kr 100 000.

Den siste hovuddelen av tildelinga, delen som har blitt omtala som OVF-tilskot, der interesserte har vore invitert til å fremje søknad innan 1. des. året før, på eige søknadsskjema, merka OVF-søknad, ønskjer administrasjonen skal endrast. Grunngevinga er i hovudsak fordi OVF-midlane ikkje lenger er tilskotsmidlar, men å rekne som driftsmidlar til bispedømerådet. Dessutan erfarer administrasjonen at når det dukkar opp tiltak undervegs som bispedømerådet gjerne skulle tilgodesett, så har den årlege fordelinga vore til hinder for å gi støtte til alle tiltak som ikkje blir omsøkt innan 1. des.

Intensjonen om at midlane skal kome det kyrkjebyggjande arbeidet i Møre bispedøme til gode, blir vidareført.

## **Forslag til vedtak**

Bispedømerådet vil nytte OVF-midler til å dekke 50% av lønskostnadane til misjonsrådgivarstillinga.

Bispedømerådet gir av OVF-midler til særlege tiltak, slik det går fram av budsjett 2018.

Etter søknad gir Møre bispedøme av OVF-midlane til prosjektstøtte. Same prosjekt kan berre unntaksvis ta imot støtte over fleire år. Tiltak/satsingsområde som mottar støtte må vera forankra i bispedømerådet sitt planverk.

Støtta blir tildelt etter søknad. Rapport for bruk av tildelte midlar skal leggjast fram for Møre bispedøme seinast eit år etter tildeling.

Bispedømerådet ber administrasjonen om å utvikle eigna søknadsskjema og rapporteringsskjema.

Bispedømerådet ber om at ordninga blir presentert for kyrkjelydar/organisasjonar ved oppslag på heimesida.

Mindreforbruk/meirforbruk skal overførast til neste år.

**DEN NORSKE KIRKE**

Møre Avdeling for personal og administrasjon

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Silvia Slenes Andersen	421	17/00414-96	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
10/19	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.02.2019

## Referatsaker 08.02.2019

**Saksorientering**

Skriv inn teksten her.

**Forslag til vedtak**

Skriv inn teksten her.